



# ***ÅRSMELDING***

*for*

***Tysnes kommune***

***2012***

## ÅRSMELDING 2012

<b>Innleiing</b> .....	<b>2</b>
<b>Økonomi</b> .....	<b>7</b>
<b>Positive avvik</b> .....	<b>7</b>
<b>Negative avvik</b> .....	<b>9</b>
<b>1. ÅRSRAPPORT FOR SEKTORANE</b> .....	<b>13</b>
<b>2.1 SENTRALADMINISTRASJONEN</b> .....	<b>13</b>
<b>2.1.1 Organisasjon</b> .....	<b>13</b>
<b>2.1.2 Politisk aktivitet</b> .....	<b>13</b>
<b>2.1.3 Økonomisk resultat</b> .....	<b>13</b>
<b>2.1.4 Oppnådde resultat</b> .....	<b>13</b>
<b>2.1.5 Samla vurdering</b> .....	<b>20</b>
<b>2.2 UNDERVISNING</b> .....	<b>21</b>
<b>2.2.1 Organisasjon</b> .....	<b>21</b>
<b>2.2.2 Politisk aktivitet</b> .....	<b>29</b>
<b>2.2.3 Økonomisk resultat</b> .....	<b>29</b>
<b>2.2.5. Fråver</b> .....	<b>30</b>
<b>2.2.5 Samandrag</b> .....	<b>30</b>
<b>2.3. HELSE- OG SOSIAL</b> .....	<b>31</b>
<b>Økonomisk resultat</b> .....	<b>31</b>
<b>2.3.2 Utviklingstrekk i etaten</b> .....	<b>31</b>
<b>2.3.3. Helseavdelinga</b> .....	<b>31</b>
<b>2.3.4. Sosialavdelinga</b> .....	<b>37</b>
<b>2.3.5. Pleie-og omsorgsavdelinga</b> .....	<b>38</b>
<b>2.4 LANDBRUK- OG TEKNISK ETAT</b> .....	<b>44</b>
<b>Organisasjon</b> .....	<b>44</b>
<b>Landbruk</b> .....	<b>49</b>
<b>Jordbruk</b> .....	<b>50</b>
<b>Areal- og byggjesaker</b> .....	<b>50</b>

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
13/36-3	1841/13	001	FSK/FEL/AUHO/ådh	

## ÅRSMELDING 2012

### INNLEIING OG OPPSUMMERING

Hausten 2011 var det kommunestyreval med derpå følgjande personval så som til ordførar- og varaordføraraverva, nemnder m.v. 2012 var såleis det første heile driftsåret for kommunestyret som skal «regjera» frå 2011 til 2015. – Dette første året vart relativt «begivenhetsrikt» i forhold til utskifting av kommunestyrerepresentantar og medlemmer i dei tre «hovudutvala». Det vil føra for langt å gå inn i samtlege suppleringsval. Den største og truleg den tyngste «happeningen» var nok då varaordførar Aud Kaldefoss(Krf) gjekk ut av nemnde verv etter at ho våren 2012 vart tilsett som oppvekstsjef i kommunen. Då kommunestyret handsama denne saka i møte 19.06.12 vart Bjørn Lande(H) valt som ny varaordførar for resten av perioden. Aud Kaldefoss vart elles i samsvar med vallova og kommunelova friteken frå mellom andre kommunestyre- og formannskapsverva. Det vart ei følgje at Krf mista sin faste plass i formannskapet med tilvising til kjønnsregelverket i kml § 16. Gjennom dette suppleringsvalet fekk Ap inn sitt tredje faste formannskapsmedlem; Anne Merete Fjeldstad.

Kommunestyret vedtok i møte i desember 2011 å leggja til rette for overgang frå å senda ut saksdokumenta til politikarane på papir til å senda dei ut elektronisk. I kommunestyret sitt vedtak vart det teke høgde for ei oppgradering av kommunen sitt sak- og arkivsystem før ein starta opp arbeidet med innføring av lese Brett av typen IPAD til bruk for politikarane. – Frå og med seinhaustes 2012 vart lese Brett tekne i bruk. Dette må kunna seiast å vera eit historisk skilje i Tysnes kommune si saga! Innføringa har ikkje bydd på svært store utfordringar – om enn nokre. Rådmannen har ikkje fått tilbakemeldingar som tyder på at politisk nivå utover å motta dokumenta elektronisk også har bede om å få dei i papirform. Me skal ha med oss at denne «biten» må kunna seiast å vera ein del av organisasjonsutviklingsprosjektet og IKT – utviklinga i organisasjonen, og det bør såleis vera eit felles mål at «nyvinninga» skal gje oss vinstar både i den praktiske kvardagen og i «kommunekassen!»

Tysnes kommune har ikkje tidlegare hatt vennskapskommune i eit anna land. I august i fjor vedtok formannskapet å gå vidare med eit forprosjekt med sikte på å etablera vennskap med kommunane Mamaisara, Kainam og Murray i Tanzania. – KS/NORAD seier i dokument motteke i februar 2013 at Tysnes er ny i MIC – samanheng.(MIC = Municipal International Cooperation). Dei føreslår å gje støtte til prosjektet med kr. 100.000,-, og dei nemner vidare at Tysnes har eit 55 år gammalt samarbeid med krefter i Mbulu District og ønskjer å «fordype det» i samarbeid med dei tre kommunane.

På det administrative planet har me alt indirekte nemnt at oppvekstsjef Helge Kjellevold slutta i stillinga halvårs i 2012. Rådmann Roy-Sverre Amundsen slutta i stillinga ved utløpet av 2012. Han hadde då vore rådmann i Tysnes i knappe 2 år. – Framtidsperspektivet og kontinu-

iteten i stillinga som oppvekstsjef er som alt nemnt løyst. Ass rådmann, Steinar Dalland, har vore konstituert frå årsskiftet. I kommunestyremøte 19. februar i år vart Steinar Dalland tilsett som ny rådmann i kommunen. Han vart tilsett på åremål med ei lengd på 6 år og høve til lenging inntil ein åremålsperiode. Denne tilsetjingsforma har ikkje vore prøvd ved tidlegare rådmannstilsetjingar i kommunen. – NAV – leiar Jan Oddvar Støle pensjonerte seg i første halvår 2012 etter mange år som trygdesjef i Tysnes – dei siste åra som leiar av NAV – kontoret. Etter ein del «sverdslag» og til slutt mekling hos fylkesmannen, vann kommunen fram med at det framleis skal vera ein einleiar-modell ved NAV-kontoret i Tysnes. Kristine Fauskanger vart i januar 2013 tilsett som ny leiar ved NAV – kontoret

I september 2012 gjorde kommunestyre eit prinsippvedtak om endring frå etatsmodell til flat struktur/to-nivå-modell; sjå her blant anna K 67/12. Ha og med føringa frå kommunestyret av desember 2010 og sak i kommunestyremøte i juni 2011. Overgangen til ein ny styringsstruktur skulle vurderast i samanheng med etableringa av ei felles stab-støtte teneste. Rådmannen iversksette hausten 2012 ei studie med sikte på lokalisering av ei felles støttetjeneste på rådhuset, men det vart ikkje gjort vedtak om investering mellom anna med tilvisning til at kommunestyre ønskte ei avklaring på ny helsestruktur. Det vert her vist til kommunestyret sitt vedtak/si føring under budsjetthandsaminga i desember 2012:

«Framlagt forslag til ombygging av Rådhuset vert utsett slik at administrasjonen får høve til å utarbeida konsekvens av framtidig helsestruktur i Tysnes kommune, nytt forslag som skal innehalde kundetorg, fellessekretariat og arkiv. Posten på 5 mill til ombygging av rådhuset går ut i påvente av saksbehandlinga frå administrasjonen. Kommunestyre bed om at saka kjem opp til ny førehaving første halvdel av 2013.»

Ved utgangen av 2012 hadde me framleis i det vesentlege etatsmodellen inntakt.

Status ved årets slutt i 2012 er i noka mon ein organisasjon som er prega av fleire konstitueringar og mellombelse tilpassingar. Det vil vera viktig å koma vidare med organisasjonstilpassinga i 2013 for å unngå vidare slitasje på dei tilsette. Omstillingsprosessen vil mest sannsynleg verta noko seinka på grunn av rådmannsskiftet vinteren 2012/2013. Kommunestyret si føring i desember 2012 vil og logisk sett ha ein seinkande effekt – for det let seg vanskeleg gjennomføra å etablere ei effektiv og slagkraftig felles stabs-/støttetjeneste utan visse bygningsmessige tilpassingar på rådhuset.

Samarbeidet kring landbruksforvaltning, med nemninga Bjørnefjorden landbrukskontor, vart sett ut i livet frå august 2012. Sjølv om me er inne i ein innleiande fase, har rådmannen så langt i det vesentlege sport godleta kring samarbeidet med Fusa, Os og Samnanger. – Jordbruksjef Sæbjørn Humlevik slutta i kommunen si teneste midtår 2012 etter å ha arbeidd ved jordbrukskontoret og seinare ved landbruk- og teknisk etat i tilsaman nær 35 år!

I kommunestyremøte i februar 2012 sa kommunestyret seg positivt til å inngå ein avtale om kjøp av skatteoppkevarfunksjonene frå Os kommune. Rådmannen fekk fullmakt til å forhandla fram ein endeleg avtale. Frå ein eventuell avtale trådde i kraft skulle det kuttast 80 % stilling i administrasjonen. Gjennom avtalen som vart inngått har Os kommune stått for samtlige skatteoppkrevarfunksjoner for Tysnes frå 1. august 2012. Så langt har skatteoppkrevarfunksjonsavtalen fungert bra. 80 % stilling i administrasjonen er overført frå økonomikontoret til rådmannskontoret frå 01.01.13. Denne stillingsdelen skal blant anna ha den overordna innkjøpsfunksjonen i kommunen og jobba med saker innan beredskap, eigedomsskatt, næring og IT.

Kommunestyret vedtok i februar 2012 at alternativ 3 B i skulebruksplanen skulle veljast som framtidig skulestruktur i kommunen. Dette innebar drift ved tre skular: Tysnes skule 5 – 10, Uggdal skule 1 – 4 og Onarheim skule 1 – 6. Lunde skule vart som følgje av dette lagt ned frå og med skuleåret 2012/2013.

Barnehagestrukturen vart fastlagt av kommunestyret i april møtet 2012. Det vart då vedteke at kommunen skal ha tilbod om barnehage i Lunde, Onarheim, Uggdal og Våge. Lunde barnehage flytta sist haust etter ombygging inn i det tidlegare skulebygget og skal ha ein fleksibilitet med omsyn til talet på avdelingar for å kunna tilby barnehageplassar gjennom året. Med tilvising til ulike utfordringar vedtok kommunestyret å etablera ein mellombels barnehage ved Uggdal skule. Modulbarnehagen på Reiso vart opna hausten 2012. Modulane vert leigt inn med eit avtaleperspektiv på 5 år. – I kommunestyret sitt vedtak ligg det vidare at det skal etablerast permanent barnehage for Uggdal i forlenginga av den mellombelse løysinga. Det vart elles vedteke at det skulle utarbeidast eit forprosjekt for permanent barnehagebygg i Våge.

Kommunalt eigeidomsselskap – til kommunestyremøte i april 2012 hadde rådmannen lagt fram ei sak om kommunalt eigeidomsselskap. Bakgrunnen for dette var at kommunestyret i møte i januar s.å. hadde bede rådmannen leggja fram ei sak der det vart vurdert sal av kommunale eigeidomar – herunder om det i samband med dette kunne vera «hensiktsmessig» å oppretta eit kommunalt eigeidomsselskap. – I tråd med rådmannen si innstilling vart det vedteke å skipa eit heileigd kommunalt aksjeselskap. Det vart lagt opp til eit nytt vedtakspunkt i september 2012 og endeleg stifting av selskapet med sikte på at selskapet var etablert og i ordinær drift innan 01.01.13. – Med rådmannsskifte og «fullpakka program» har det ikkje vore tid til å fremja saka i løpet av 2012. Slik kapasiteten er på det administrative planet ved inngangen til 2013, kan rådmannen vanskeleg sjå høve til å bringa denne saka fram att til fullstendig handsaming med det første.

Kommunestyret vedtok arealdelen til kommuneplanen for perioden 2010 – 2022 i møte i april i fjor. Vedtaket vart gjort under føresetnad av ei rekkje justeringar; blant anna som følgje av motsegner og at desse vart trekte av fylkesmannen og fylkeskommunen. – Dei fleste atterhalda fall på plass i løpet av fjoråret; likevel slik at Onarheim sentrum og ein del andre forhold framleis ikkje er løyste. – Kommunestyret hadde oppe som eiga sak i junimøtet, risiko- og sårbaranalyse – akseptkriterium for ny arealbruk. Dette på grunn av at fylkesmannen hadde motsegn til den analysen kommunestyret vedtok i mai 2011. I nær dialog med fylkesmannen og ved hjelp av metode og akseptkriteria som Akvator A/S hadde utarbeidd, kunne kommunestyret vedta metode og akseptkriterium for ROS – analysearbeidet for all ny arealplanlegging i Tysnes kommune.

Planprogrammet av mai 2012 for strandsoneplanen for Sunnhordland med oppstart av planarbeidet vart godkjent av kommunestyret i juni 2012.

I årsmeldinga for 2011 vart det nemnt at me rekna med at kommunen sin planstrategi for inneverande kommunestyreperiode ville koma til handsaming i 2012. Føremålet med ein slik strategi er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta eller vidareføra for å leggja til rette for ei ønskt utvikling. Planstrategi er eit nytt verktøy i plan- og bygningslova. Føringane går blant anna på at nyvalde kommunestyrerepresentantar bør vedta sin strategi i løpet av dei 12 første månadene av kommunestyreperioden.

Kommunestyret godkjente i møte i desember 2012 reguleringsplanen for småbåthamn m.m. på Hønsaholmen på Gjerstad. Det er dermed å vona at punktum er sett for eit langt og møysom-

meleg arbeid med å finna areal/lokalitet for småbåthamn for den største krinsen i kommunen.  
– Reguleringsplanarbeidet for Våge sentrum er i ein innleiande oppstartsfase.

Kommunen har hatt ruskonsulent i engasjement over snart ein to – års periode. Engasjementet skulle i utgangspunktet gå over eitt år, men kommunestyret vedtok i april 2012 å lenga det tilsvarande. I same møtet vart ein rullert ruspolitisk handlingsplan vedteken. Kommunestyret vedtok den første ruspolitiske handlingsplanen i år 2000. Planen vart minirullert i 2007.

Det vart skipa ei heil prosjektstilling som burettleiar/konsulent for bustadsosialt arbeid frå og med 2012. Prosjektet har særleg vore retta inn mot ungdom og yngre vaksne i etableringsfasen, ungdom med rusproblem og funksjonshemma. Hovudføremålet er å førebyggja og motarbeida bustadløyse, samt styrkja og utvikla dei ordinære tenestene i kommunane slik at dei betre kan dekkja trongen for oppfølging i eigen bustad. Prosjektet skal munna ut i ein bustadso- sial handlingsplan.

Engasjementa som ruskonsulent og burettleiar vil verta avslutta våren 2013.

Samhandlingsreforma vart sett i verk frå 1. januar 2012. Føremålet med denne store helse- reforma er å integrera ulike delar i helsesektoren til ei meir heilskapleg behandling av pasien- tar. Målet er at pasientar og brukarar skal få eit tilbod som er lettare å forhalda seg til og som heng betre saman. Eitt av hovudmåla er å få pasientane raskare ut av sjukehusa og inn i kom- munane sine omsorgstenester, verkemiddel for å nå eit slikt mål har mellom anna vore «dag- bøter» om kommunen ikkje er klar til å ta imot utskrivningsklare pasientar. Tysnes kommune kan gle seg over at me har vore i stand til å ta imot alle utskrivningsklare pasientar til rett tid! Ei av dei største utfordringane i dei fleste store reformer er fordeling av pengar. I denne re- forma har store summer vorte overførte frå spesialisthelsetenesta til kommunane, ca 5,6 milli- ardar. Spørsmålet er om dette er nok? – Ut frå eitt års røynsle med reforma ser me at dei auka inntektene ikkje er tilstrekkelege til å dekkja utgiftene som følgjer av kommunen sitt medfinan- sieringsansvar.

I samband med samhandlingsreforma vart det også inngått partnerskap om folkehelse med Hordaland Fylkeskommune. Tysnes kommune har valt å nytta dei midlane som føl av part- nerskapen til eit prosjekt der siktemålet er å leggja fram ein plan for folkehelse i løpet av 2013. Det er sett av totalt inntil 50 % stilling til prosjektet, ressursane er avsett dels gjennom omstil- ling og dels gjennom omdisponering av andre ressursar. Arbeidet er forankra på rådmannsnivå og målet er at folkehelseperspektivet skal tydeleggjerast og vera førande i alt me føretar oss. Me ser no at stadig fleire kommunar vel å forankre arbeidet på eit overordna og tverrsektorielt nivå.

Nytt økonomisystem vart teke i bruk midtårs i 2011 og nytt løns- og personalsystem vart sett i drift frå 01.01.12. Arbeidet med innføring av desse systema vart gjort i samarbeid med kom- munane Fusa og Samnanger. Det har vore ein møysommeleg og tidkrevjande prosess med mykje meirarbeid og overtid for økonomikontoret; i tillegg kjem innleige av ekstrahjelp over lengre og kortare periodar. Det meste har no falle på plass, men framleis krevst det ekstern innleige av personalressursar. Systema fungerer bra og det ligg framleis unnytta potensiale i dei som organisasjonen over tid vil prøva å ta ut.

Med tilvising til forskrift om finansforvaltning i kommunar og fylkeskommunar vidareførte kommunestyret i april i fjor gjeldande finansreglement med unntak av punkt 7.5, litra c, som fekk slikt innhald:

«Minimum 20 % av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år), minimum 20 % skal ha fast rente, medan 60 % skal verta vurdert ut frå marknadssituasjonen.»

I årsmeldinga for 2011 vart det peikt på at kommunen stod føre store finansielle utfordringar i økonomiplanperioden 2012 – 2015, og at det var fleire og samansette grunnar til det; herunder folketalsutviklinga. I budsjettet 2012 var det føresettt bruk av fondsmidlar med rundt 8 mill kr. Sett opp mot dette er det svært gledeleg å kunna visa til eit rekneskapsmessig overskot/mindreforbruk på vel 1 mill kr i 2012! Altså eit positivt avvik i forhold til budsjettet på ca 9 mill kr! – Hovudgrunnane til dette vert nærare utdjupa i Økonomi – kapitlet frå side 7. – Eit såpass godt økonomisk resultat i 2012 gjev oss litt større «pusterom» til å omstilla oss til eit varig lågare driftsnivå enn me har hatt.

Det nye omsorgssenteret i kommunen skal etter kommunestyrevedtak i 2010 byggjast ved noverande sjukeheim – likevel på andre sida av eksisterande fylkesveg. Det aktuelle arealet vart gjennom rulleringa av arealdelen i kommuneplanen, med visse modifikasjonar, klarert for og klassifisert som areal for offentleg eller privat tenesteyting. I økonomiplanen for 2013 – 2016 er det sett av midlar til prosjektet – likevel med ein relativt sett mindre sum i inneverande år. Kommunen inngjekk intensjonsavtale om kjøp av grunn i oktober 2010. Formannskapet gav i møte i oktober 2012 rådmannen fullmakt til å inngå endeleg kjøpsavtale for arealet på ca 46 daa. Dette er utført. – Saka er no under oppfølging i forhold til delings- og kartlovgevinga, planlovgevinga m.v. – Den vidare framdrifta i denne saka opp mot blant anna igangsetting av reguleringsplanarbeidet, lokalisering av kommunen sine helsetenester m.v., skal føre i kommunestyremøte i februar 2013.

Kunstgrasbanen på Reiso vart offisielt opna i mars i meldingsåret. Kommunen står som eigar av og byggherre for banen. Etter kommunestyret sitt vedtak i 2010 skulle kommunen gå inn med inntil 1 mill kr i prosjektet + ta mellomfinansieringa i høve spelemidlane. Skianlegget ved Løkjen opna opp for første gong i november 2012. Kommunestyret vedtok i 2011 at kommunen skulle stå som eigar av og byggherre for dette anlegget. Kommunen skulle saman med Onarheim Idrettslag arbeida for å få næringslivet til å delta i prosjektet. Ved kommunestyret si handsaming var finansieringa av skianlegget ikkje heilt avklårt. Det var rekna med ein totalkostnad på ca 2 mill kr; av dette var følgjande finansiering godkjent i juni 2011: Spelemidlar kr 544.000,-, eigenkapital kr 173.000,-, lån kr 179.000,- og dugnad kr 815.000,-.

I 2012 vart det bygt ny kommunal kai på Malkenes. Det stod knappast midlar til eit slikt tiltak i investeringsbudsjettet 2012! Saka vart likevel løyst ved å føreta omdisponeringar frå andre prosjekt på ca 1 mill kr. – Prosjektet «tvinga seg» fram då det ikkje lenger kunne skaffast leigekai for hurtigbåtsambandet.

Kommunestyret gav i september 2011 høyringsuttale til KVU E39 Aksdal – Bergen. Kommunestyret gjekk då inn for den tilrådinga som konseptutvalet hadde gjort med dei to hovudalternativa for ferjefri veg over Tysnes. Det vart lagt inn ein føresetnad om at Langenuen vart kryssa i sør. – Etter at KS1 – ei ekstern kvalitetssikring av konseptutvalet for E – 39 Aksdal – Bergen - vart lagt fram i juli 2012, gav kommunestyret i møte i august i fjor ny uttale der dei støtta tilrådinga frå KS1 om den midtre lina over Reksteren. I vedtaket vart det lagt inn føresetnader om at traseen måtte verta ferjefri frå første dag og at Langenuen vert kryssa så langt sør som mogleg.

Etter søknad til fylkesmannen fekk Tysnes kommune status som «turistkommune» med vernad frå sommaren 2012. Fylkesmannen utferda ei forskrift som inneber at daglegvarehandelen i kommunen kan ha «turistkommune - ope» i månadene juni, juli og august. Heimelen for å laga ei slik forskrift er lov om helligdagar og helligdagsfred. At fylkesmannen godkjende Tysnes kommune som typisk turiststad inneber at butikkane i kommunen kan halda ope alle dagar i dei aktuelle månadene; også på søn- og helligdagar.

Etter den informasjonen som flyt har fleire av dei større næringsverksemdene gledelegvis gått «som det suser» i 2012. Windsor skal alt no byggja på det så godt som nye administrasjonsbygget sitt. Kommunestyret sitt sal av Heningen i 2011 til Fronta A/S, teiknar svært bra med positive ringverknader og nye aktivitetar i kommunen. Andersland Bygg A/S og Tysnes Bolig A/S har kjøpt Tysnes Sparebank sine bygningar i Uggdal med siktemål å byggja om til leiligheter. Det vart etablert nytt driftsselskap hos Lien Trelast A/S på Heggland. Det største næringslivslokomotivet i kommunen, med administrasjonsbygg lokalisert ved kyrkjetangen på Onarheim, kjem stadig nærare ei permanent etablering av arbeidsplassar på næringsområdet i Nedrevåge.

Fleire verksemdar kunne opplagt vore nemnt på pluss - minus sida. På minus sida er det heldigvis ikkje så mykje å spora. Det er likevel dessverre ein realitet at nokre mindre firma slit og nokre har valt å «kasta inn handkleet» i 2012.

I meldingsåret har byggjeaktiviteten i kommunen vore bra. Som i 2011 har tendensen med bygging for sal halde fram. Det har så langt vore «kundar» til objekta. – Utan ein formidabel folketalsauke i form av tilflytting, kan det spørjast om «kundane» vil «stå i kø» til alle dei nye prosjekta som etter det me forstår er under «oppseiling». – Me minner i så måte - og utan direkte samanlikning - om korleis salet av dei kommunale bustadtomtene på Kattland har utvikla seg.

Andre gladmeldingar innan kultur- og reiselivsbasert næring er bygdeutviklingsprisen som Torstein Hatlevik og Haaheim Gaard fekk under Grüne Woche i Berlin tidleg i 2012. I mars 2012 kunne Sissel og Othar Clausen saman med entusiastiske gjester frå fjern og nær feira opninga av «nye» Laukhamar Fritid.

Kulturfyrtårnet «Tysnesfest» sette nye rekorder både i publikumstal og på andre vis i meldingsåret. Ei stor takk til spydspissane bak festivalen og alle dei andre som er med i dugnadsopplegget og sveiser oss saman i ein stor «smeltedigel»! God PR-, og omdømebygging for heile lokalsamfunnet!

## ØKONOMI

Rekneskapen for 2012 er avslutta med eit mindreforbruk/overskot på kr. 1.058.886,52. I budsjettet for 2012 var det føresett å bruke kr. 8.037.335 av fondsmidlar for å få budsjettet i balanse. Rekneskapen syner såleis eit positivt avvik i høve budsjett på nær 9,1 mill.

Tysnes kommune har i 2012 eit netto driftsresultat på 1,6 %. For kommunane som har rapportert er resultatet 2,6 %.

**Positive avvik;  
Skatt/rammetilskot – pluss 3,1 mill.**



Skatteinngangen både i Tysnes og på landsbasis vart i 2012 betre enn det statsbudsjettet føresette. Dette førte til at sum rammetilskot og skatt vart kr. 3,1 million høgare enn det kommunen budsjetterte med.

### **Finansinntekt/finansutgift – pluss 1,5 mill.**

#### **Renteinntekt;**

Det er kr. 600.000 i positivt avvik på renteinntekt. Gode skatteinntekter gjev god likviditet.

#### **Rente- og avdragsutgifter;**

I budsjettet for 2012 var det føresett at det skulle takast opp lån i slutten av 2011. Låneopptaket i slutten av 2011 vart ikkje teke opp. Resultatet er innsparing både på rente og avdragssida i 2012 rekneskapen.

Rentenivået har halde seg lågt også i 2012. Renteutgiftene syner eit positivt avvik på 538.000. Renteutgiftene i 2012 er på kr. 4,8 mill. Avdraga syner eit positivt avvik på kr. 366.000.

### **Pensjon/Premieavvik - pluss 3,3 mill.**

Det var budsjettert med kr. 8.625.000 for å dekkja;

- seniortiltak for dei over 62 år
- AFP innbetaling til KLP
- Reguleringspremie KLP
- kompensasjon til etatane for lønsauke i året.

Seniortiltak	kr. 402' i 2012.
Utgifter til AFP inkl. arb.gj.avg.	kr. 892'

Reguleringspremie utgjer kr. 8.832' pluss avgift. I oppstillinga under er det brukt lågare tal - tilbakeført overskot er trekt frå reguleringspremien.

Reguleringspr. red. med tilbf, overskot	kr. 7.906'
+ Arb.gj.avgift	kr. 1.115'
Sum utgifter reguleringspremie	kr. 9.021'

Totale utgifter AFP/reguleringspremie utgjer:  $9.021' + 892' + 402' = 10,3$  mill. mot budsjettert 8,625 mill. Her får ein – 1,7 mill

Det er i 2012 eit positivt premieavvik på kr. 5,7 mill.

Utgiftsført amortisert premieavvik (premieavvik frå tidl. år) 690'

Summen av premieavvik utgjer ca. kr. 5 mill. i pluss.

Ser ein alt dette under eitt gjev det ein pluss på kr. 3,3 mill. Desse midlane skulle gå til å dekke auka lønskostnader. Etatane har ikkje fått kompensert ekstra utgifter i samband med lønsoppgeret. Etatane har likevel kome positivt ut i høve budsjett.

### **Sentraladministrasjonen; - pluss 0,6 mill.**

Positive avvik på kultur, fellesfunksjonar og administrasjonsbygg.

### **Oppvekstetaten; - pluss 0,1 mill.**

Oppvekstetaten har kr. 130.000 i mindre forbruk enn revidert budsjett. Det er store skilnader frå eitt ansvarsområde til eitt anna.

Det er positivt avvik på ansvar 2420 «Vaksenopplæring/opplæring framandspråklege» på kr. 333.000.

### **Landbruk og teknisk etat; - pluss 2,2 mill.**

Etaten kjem ut med eit positivt avvik på nær kr. 2,2 mill. i høve til revidert budsjett. Det er gjennomført mindre vedlikhaldsarbeid enn planlagt. Det er positive avvik både byggsak og oppmåling.

**Totalt utgjer dei positive avvika kr. 10,8 mill.**

### **Negative avvik;**

#### **Samhandlingsreforma; - minus 0,4 mill.**

Tysnes kommune fekk i 2012 kr. 3.887.000 i auka rammetilskot som kompensasjon for igangsetjing av samhandlingsreforma. Tysnes kommune har det fyrste året teke seg av utskrivingsklare pasienter. Kommunen har såleis ikkje fått ekstra kostnader med det. Trass i dette har kommunen motteke rekningar frå Helse Vest på tilsaman kr. 4.295.673. For å «ta heim» utskrivingsklare pasienter må ein ha litt ledig kapasitet på sjukeheimen – dette fører til innteksttap på sjukeheimen.

#### **Helse og Sosialetaten; - minus 0,3 mill.**

Helse og sosialetaten kjem ut med eit negativt avvik på kr. 335.000. i høve regulert budsjett.

Momskompensasjon investering tilførte drifta – minus kr. 0,9 mill. mindre enn føresett i budsjett.

Rentekompensasjon skular omsorgsbustader – minus kr. 0,1 mill.

Sum negative avvik 1,7 mill.

### **HOVEDTAL;**

#### **Inntektsutvikling dei siste åra - tal i heile 1000;**

	<b>2012</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
Skatt	62.384	55.379	56.445
Rammetilskot	95.009	92.986	77.702
Momskomp. inv	3.501	2.531	1.925
Renteref.skule	620	728	600
Renteref.sjukeh	896	976	963
Eigedomsskatt	5.078	5.076	4.898
Sum	167.488	157.676	142.533

Momskompensasjon på investeringar var i 2012 budsjettert med kr. 5.349.400.

### **Lønsutgifter;**

Totale lønsutgifter i 2012 var kr. 150,5 mill. av dette er 0,7 mill. lønsutgifter i investeringsrekneskapen. Revidert budsjett drift er på kr. 149,8 mill.

Det er inntektsført kr. 7,3 mill. i sjukepengar/fødselspengar – budsjettet var på 1,4 mill.

Lønsutgifter tidlegare år:

<b>År:</b>	<b>Lønskostnader</b>	<b>i % av driftsutg.</b>
2007:	117,2	75,9
2008:	126,8	74,1
2009:	135,5	73,3
2010:	138,7	71,2
2011:	146,4	72,5
2012:	149,8	70,4

I 2011 brukte Tysnes kommune kr. 6,1 mill. i konsulenthjelp. Av dette vart kr. 5.316' nytta i drift (tala er korrigert i høve føregåande årsmelding då berre deler av dette var teke med).

I 2012 har ein nytta konsulenthjelp for kr. 6,225 mill. Av dette er kr. 4.659' nytta i drift.

I 2012 har Tysnes kommune og kjøpt tenester frå Os på skatteområdet og Fusa på landbruks-tenester.

Det er utbetalt kr. 312.500 til Os kommune. Fusa kommune har fått utbetalt kr. 380.933 for landbrukstenester.

### **Lån og avdrag på lån;**

Lånegjelda er ved utgangen av 2012 på 158,5 million.

Det er i 2012 teke opp 4 nye lån på tilsaman kr. 31 mill. 3 av låna er husbanklån (startlån) til vidare utlån dei utgjer tilsaman kr. 26 mill. Det er og teke opp eit lån i Kommunalbanken på kr. 5 mill. Det er betalt avdrag på lån på tilsaman 8,541 mill.

### **KONKLUSJON**

Rekneskapen 2012 kom ut med eit overskot på vel 1 mill kr. Isolert sett må det kunna seiast å vera svært så bra sett opp mot at 2012-budsjettet føresette bruk av rundt 8 mill fonds-kr for å få budsjettet i balanse. Rekneskapen viser i realiteten eit positivt avvik i forhold til budsjettet på vel 9 mill kr!

Me ser at hovudgrunnane til det gode resultatet ligg i meirinntekt skatt/rammetilskot, større renteinntekter/mindre renteutgifter og lågare avdrag, positivt premieavvik(pensjon) og mindre forbruk i sentraladministrasjonen og på to av etatane. Samla utgjer desse poitive avvika 10,8 mill kr i høve budsjettet.

Dei negative avvika i forhold til budsjettet er på tilsaman 1,7 mill kr. Minusa fordeler seg på momskompensasjon investering, samhandlingsreforma, helse- og sosialetaten og rentekom-pensasjon skular og omsorgsbustader.

Me kan vidare konstatera at lønskostnadene samla sett i heile verksemda har hatt ei grei utvikling i perioden 2007 til 2012. Lønsutgiftene utgjorde 75,9 % av dei totale driftsutgiftene i 2007. I 2012 var denne prosenten redusert til 70,4. I prosent har dei samla lønskostnadene hatt ei gledeleg utvikling i forhold til dei totale driftsutgiftene gjennom desse 6 åra. – Ser me nærare på grunnane til dette, ligg ein del av forklaringa i dei innstramingane som har vorte gjorde i denne perioden. Andre forklaringsdelar ligg i innleige av personalressursar i form av konsulenthjelp og anna, samt at me blant anna kjøper landbruks-, skatte- og arbeidsgjevarkontrolltenester frå andre kommunar. På innkjøpsområdet både kjøper og sel me tenester frå/til andre

kommunar. I ei så stor verksemd som vår vil det også til ei kvar tid vera vakansar over større og mindre periodar.

Rådmannen føler vidare grunn til å peika på det gledelege ved at etatane og sentraladministrasjonen samla sett har eit ikkje ubetydeleg mindre forbruk enn føresett i budsjettet. Sjølv om ein etat har eit negativt avvik på godt kr 300.000,-, er likevel det samla positive avviket på etatane og sentraladministrasjonen si drift på ca 2,6 mill kr. Dette vitnar i all hovudsak om god budsjettdisiplin. Dette særleg sett opp mot at det ikkje vart gjeve kompensasjon i høve lønsoppgjeret 2012. Ein del vakansar har i noko grad vore med og hjelpt på det gode resultatet.

I 2012 hadde me eit netto driftsresultat på 1,6 %. Det er i seg sjølv positivt at me makter å oppnå eit driftsresultat på pluss – sida. Resultatet for 2012 er om lag halvparten av det det etter overordna føringar burde vore. Tilrådinga om at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på minimum 3 %, er tufta på at dei skal ha noko til å «stå i mot med» i påkomande tilfelle så som ved ubalanse i drifta, men kanskje primært til å setja inn i investeringar. Sjølv med ein del positive trendar i rekneskapen for 2012, må me likevel framleis konstatere at driftsnivået er for høgt. Det gjev oss lite handlingsrom. Kommunen har generelt slite med å oppnå resultat som viser 3 % eller betre i netto driftsresultat. Gjennom dei 7 siste åra har me kun eitt år, i 2009, oppnådd eit netto driftsresultat over 3 %.

Folketalutviklinga dei seinare åra har ikkje svart til forventingane. Ved utgangen av 2012 var folketalet på 2.736 - dette tilsvarar ein nedgang på 30 personar frå førre årsskifte. Dei demografiske forholda slår i lita grad ut til vår gunst. Sjølv ikkje tiltaksprosjektet 3012 og ulike andre forsøk på å gjera kommunen attraktiv i form av omdømebygging m.v., har makta å snu den svakt dalande folketalutviklinga. Med dei store og tunge utfordringane som ligg nær framfor oss, bør me gjennom blant anna kreative tankar arbeida hardt for å auka folketalet og få opp prosenten i netto driftsresultat. Ein del av dei innleiande opplysningane i årsmeldinga gjev oss tru på at tynnessamfunnet framleis er «liv laga» og at vekstpotensialet i ein del av dei tyngste og viktigaste «knuppane» straks vil slå ut i «full blomst» til bate for oss alle!

Låneportefølgjen til Tysnes kommune var på 36 mill kr i 1995. Ved utgangen av 2004 hadde han vakse til 75 mill kr. I 2010 var gjelda på 140 mill kr og ved utgangen av 2012 var ho på 158,5 mill kr. I perioden 2005 til 2009 auka for eksempel gjelda pr innbyggjar med ca 50 %. Ifølgje økonomiplanen er det føresett rimeleg stor auke i kommunen sin låneportefølgje dei næraste åra. – Fylkesmannen har ved nokre høve påpeikt at kommunen bør visa varsemd med nye store låneopptak, då utgifter til auka gjeld vil tynga dei allereie sviktande driftsresultata. I denne samanhengen skal det merkjast at låneveksten dei to siste åra i ikkje liten grad, er knytt til opptak av startlån til vidare utlåning. Tysnes kommune har nytta startlån for å stilmulera, og leggja til rette for tilflytting og etablering. Det er varsla ei innstramming av praksis her frå hausten 2013.

Med tilvising til dei realitetane kommunen har å forhalda seg til, kan me sjå føre oss framtidsperspektiv i form av litt «blanda drops». Ein kommune er ein mangslungen organisasjon med eit vidt spekter av oppgåver. Mange av desse oppgåvene er lovpålagde. Det vil seia at me ikkje kan la vera å utføra dei innan eit forsvarleg skjønn. Dersom så ikkje skjer, vil ulike kontroll- og tilsynsfunksjonar tre inn over oss. Andre kommunale oppgåver er frivillige i den forstand at det er opp til kommunen sjølv i kva grad og korleis me innvolverer oss i slike. – Strukturtiltak kan vanlegvis gjerast i heile den kommunale verksemda – uavhengig av om oppgåvene er lovpålagde eller ikkje. For å koma ned på eit lågare driftsnivå har det gjennom åra vorte gjort ulike tiltak. Dei siste åra har det vorte gjort strukturtilpassingar både innan skule og barnehage.

Nye organisasjonsformer er under arbeid med nytt og samlande omsorgssenter og på det administrative planet med endringar i strukturen i rådhuset. Siktemålet med slike tilpassingar er å redusera dei totale driftsutgiftene i kommunen, herunder å utvikla drifta optimalt rasjonelt og effektivt. Utover desse tiltaka har kommunen innført eigedomsskatt f.o.m. 2009, og det vart i meldingsåret inngått samarbeid med andre kommunar både på skatt og landbruk. - Det interkommunale innkjøpssamarbeidet i Sunnhordland m.v. har gått over såpass mange år at me kan slå fast at dette samarbeidet har gjeve oss bra store innsparingar.

Sjølv om me har målsetjingar om både rasjonaliseringar og innsparingar i drifta, er det ikkje opplagt at verken interkommunale samarbeidsløysingar eller struktur-/organisasjonsendringar i eiga verksemd gjev oss slike i stor nok grad. Dei fleste av desse tiltaka er ikkje «rein matematikk», og dei kostar som oftast ein god del før dei eventuelt slår ut i innsparingar. Det vil så godt som alltid vera heller uoversiktlege reknestykke, (tenk på eit tal!), som vert lagt i botnen for kva innsparingspotensiale som kan liggja ved å gjera dei og dei endringane eller dei og dei samarbeidsløysingane. Med tilvising til det her nemnde og dei ulike usikre faktorane, bør såleis kommunen i større grad også leggja inn drifts- og kostnadsreduksjonar på fleire av dei tiltaka/oppgåvene som ikkje er lovpålagde.

Rådmannen takkar dei tilsette i kommunen for jamn og tru innsats i meldingsåret! Politisk nivå vert også takka for godt samarbeid! Måtte me også i dei komande åra stå saman for å styrkja handlingsrommet til kommunen til beste for heile lokalsamfunnet!

Tysnes rådmannskontor, 9. april 2013

Steinar Dalland  
rådmann

---

Knut Hollekim  
økonomisjef

# 1. Årsrapport for sektorane

## 2.1 Sentraladministrasjonen

### 2.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring og støttefunksjonar vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomi- og IT - funksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret.

### 2.1.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2008	2009	2010	2011	2012
Kommunestyre	62	59	73	96	89
Formannskap	133	115	130	91	88
Administrasjonsutval	15	15	18	6	12
Klagenemnd	-	-	-	-	-
Andre	22	22	188	104	132

### 2.1.3 Økonomisk resultat

Det vert vist til tala som er lagde fram her i årsmeldinga, samt til rekneskapen for 2012.

### 2.1.4 Oppnådde resultat

#### Administrasjon og leiing

For å få meir ut av ressursane er me stadig på jakt etter betre og enklare måtar å løysa oppgåvene våre på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar. Dei ulike føresetnadene endrar seg rimeleg raskt, og me må til ei kvar tid vurderer kva nivå me bør vera på for å gje gode nok servicetilbod. – På det administrative organisasjonsnivået er det under arbeid ei omlegging frå etatsmodell til flat struktur/to-nivå-modell.

Ein kommune er ein mangslungen organisasjon som har ansvaret for å få utført ei rekkje ulike oppgåver og funksjonar. – Det kan til tider vera vanskeleg å sjå for alle oss tilsette at me arbeider i same verksemda.

#### Vedtaksoppfølging

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. – Me har likevel med oss at me vil måtta føreta eit stort kontrollarbeid i høve bygg og anlegg som kan vera oppførte/tilrettelagde utan løyve.

Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

Rådmannen har i skriv 6. april 2011 informert både kommunestyret og sekretariatet for kontrollutvalet om at kommunestyresak 21/10, prosjekt innan selskapskontroll – eigarskapsforvaltning, av kapasitetsgrunnar dessverre ikkje har vorte følgt opp.

Me har nemnt i innleiinga at stiftinga av eit kommunalt eigedomsselskap pr. 01.01.13 ikkje har funne stad; jf K 25/12.

I kommunestyret sitt vedtak i K 68/12 – SIM – rapport etter selskapskontroll– er det ein del framlegg under punkt 1 i vedtaket der det skulle ha vore lagt fram ein handlingsplan innan 01.01.13. Dette har me så langt ikkje hatt kapasitet til.

## **IT**

I 2012 har det vore store omleggingar innan IT i administrasjonen. Som tidlegare år har statlege krav om ymse rapporteringar også i 2012 medført at me har måtta oppgradert fleire fagprogram innan helse- og sosialetaten. Vidare har me også arbeidd med integrasjonar mellom økonomi- og lønsprogrammet og andre fagprogram.

Den største endringa kom etter at det vart vedteke å senda ut sakspapir på iPad til politiske møte. Det har medført at me har oppgradert både officepakke, sak-/arkivsystem og Exchange-løysing til versjon 2010. Me måtte også få på plass nytt trådløst nettverk med større kapasitet på rådhuset. Me la elles til rette for mailsync på iPad slik at dei folkevalde kunne senda e-post til kvarandre i tillegg til å dela kalenderfunksjon. På slutten av året vart iPad tekne i bruk i politiske møte, og tilbakemeldingane frå brukarane har vore mykje positive. I forkant av dette har me hatt opplæring av både tilsette og folkevalde. Tilstreккеleg opplæring viser seg å vera viktig for at me skal få dei forventa gevinstane av slike investeringar.

Så store omleggingar innan IT medfører at me gjer endringar i mange system som samhandlar med kvarandre. I slike høve er det normalt at det går ein del tid i etterkant med ymse tilpassingar frå ulike leverandørar før me er heilt i mål. Dette har det gått med mykje tid til i 2012.

## **Personal**

Arbeidsmiljøutvalet hadde 4 møte og 21 saker til handsaming i 2012.

I samband med hovudoppgjeret i 2012 vart det ført lokale lønsforhandlingar for kap 4.a.1 i siste år. Både oppgjeret for kap. 4.a.1 og kap. 5.2 vart gjennomført utan brotsmekling. I forkant av forhandlingane vart lønspolitisk plan revidert, det er gjort noko redaksjonelle end-

ringar i tillegg er nokre av satsane i lønsvedtektene justert og det er ført inn nokre nye punkt. Røynsleane med lønspolitisk plan er i all hovudssak gode.

I 2012 vart opplæringskontoret for kommunale fag lagt ned. Kontoret har vore eit felles opplæringskontor for kommunane Stord, Tysnes og Fitjar. Tysnes kommune har vore knytt til kontoret for å sikra god rekruttering og oppfølging av lærlingar. Restkapitalen i kontoret er oppretta som eit felles rekrutteringsfond for dei tre kommunane.

Sjukefråværet gjekk ned siste år og endte totalt på 7,37 % for heile verksemda, tilsvarande tal i 2011 var 8,29 %. Trass i at sjukefråværet enno er for høgt skal me gleda oss over at det er det lågaste talet sidan 2008.

Også i 2012 har det vore fokus på omstilling og endring. Lunde skule vart lagt ned frå og med inneverande skuleår. Omstillinga vart gjennomført utan oppseiing av fast tilsette. Det har elles vorte gjennomført fleire organisasjonsendringar siste år. Det er også gjort viktige prinsippvedtak, først og framst vil me trekkja fram vedtak om overgang til ny styringsstruktur. Dette er arbeid som må følgjast opp og vil krevja merksemd i 2013.

### **Likestilling**

I Tysnes kommune er noko over 80 % av dei tilsette kvinner. Gjennomsnitteleg stillingsstorleik for kvinner er framleis monaleg lågare enn gjennomsnitteleg stillingsstorleik for menn. Dette er mellom anna knytt til at kvinner er overrepresentert innan fagområde der det vert nytta mykje delstillingar slik som pleie- og omsorg og oppvekst.

På avdelingar med meir enn 5 tilsette utgjør kvinnelege leiarar 75 %. Det er gledeleg at kvinne delen i den kommunale toppleiinga er gått frå 0 % til 50 % medrekna konstituerte leiarar.

Korrigert for stillingstype og stillingsbrøk har menn og kvinner lik løn i Tysnes kommune per 2012. Det er likevel ulikskapar knytt til ulike stillingar, det er også fleire kvinner enn menn som opplever uønska deltid. Ei jamnare kjønnsfordeling mellom nivå, etatar og avdelingar vil såleis verka til å minska skilnader i løn.

### **Innkjøp**

Me har frå 1996 hatt ei interkommunal innkjøpsordning med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Kommunane har etablert eit samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune.

Det vert stadig større fokus på offentlege innkjøp med omsyn til regelverk, innsyn etc. Dette krev at innkjøpa i den enkelte kommune fungerer etter intensjonane i lovverket. Alle kommunale innkjøp skal gjennomførast med utgangspunkt i ein konkurranse. Storleiken og kompleksiteten i kjøpet avgjer kva type konkurranse som skal nyttast.

Kommunane har vedteke felles innkjøpsstrategi og har felles innkjøpsrettteiar. Dette har gjort samarbeidet over kommunegrensene enklare.

Dei siste par åra har Innkjøpsforumet blant anna arbeidd med utviklingsprosjekt for sams innkjøpsbase og for elektronisk handel. I 2012 har me teke i bruk elektronisk inngåande faktura, EHF, og elektronisk innkjøp over E-handel/IBX- plattformar. Gjennom desse tiltaka har me



oppnådd innsparingar i bruk av ressursar og pris på grunn av korrekte kjøp til rett pris, samt kontroll på faktura.

Innkjøpsamarbeidet har etterkvart gjort oss dyktigare på innkjøp. Og det er liten tvil om at me gjennom dette samarbeidet har oppnådd innsparingar me elles ikkje hadde oppnådd.

For nærare detaljer viser me til årsmelding frå Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum.

### **Eigedomsskatt**

Tysnes kommune innførte eigedomsskatt i heile kommunen frå 01.01.09 med ein skattesats på 2 promille og fritak for nye bustader i 5 år. Dette medførte ei inntekt på ca 5 mill kr. Kommunestyret vedtok i desember 2011 same skattesats og same fritak for 2012. Inntektsnivået var også i 2012 ca 5 mill kr.

### **Beredskap**

I samband med at skatt vart overført til Os er beredskapsarbeidet igjen styrkt i Tysnes kommune. Det er også lagt opp til eit tettare samarbeid mellom rådmannens stab og brann med omsyn til framtidig organisering av beredskapsarbeidet. Arbeid med å gå gjennom planverk og overordna ROS analyse vil verta prioritert i 2013.

Øving Lyneld som vart gjennomført i desember 2012 gjev grunnlag for eit arbeid med betring av varslingsrutinar i kommunen.

### **Klima og energi**

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

Dei tiltaka som er lagt fram i planen under areal er i all hovudssak realisert gjennom vedtak i kommuneplanen sin arealdel i 2012.

Det vart sertifisert to private verksemdar som miljøfyrtårn i 2012, kommunen har ikkje fylgt opp sertifisering av eiga verksemd.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar. I 2012 er det skjedd fleire endringar på dette punktet, ikkje minst kan me nemna overgang til elektroniske politiske møte, fakturahandsaming og lønsslippar. Arbeidet med elektroniske løysingar vil halda fram i 2013.

I saksførebuingar knytt til den fysiske strukturen i kommunen si verksemd, er moment knytt til klima og energi handsama særskilt.

### **Arealplanar**

Ny arealdel i kommuneplanen vart godkjent i kommunestyremøte 26. april 2012. I planframlegget var det lagt inn 67 nye areal. Kommunen fekk motsegn frå fylkesmannen og fylkeskommunen på tilsaman 24 areal og 20 punkt i føresegnene. I tillegg kom fleire krav om end-

ringar både av areal og føresegner for å få godkjent kommuneplanen. Etter fleire meklingsmøte og endring av føresegnene fekk kommunen godkjent 59 nye areal i planvedtaket. Den godkjende kommuneplanen inneheld areal for ca 360 nye bustader, 2 næringsområde, 6 attåt-næring for landbruk, 7 offentleg/privat tenesteyting, 4 fritidsbustader, 11 småbåthamner, 18 naustområde og 4 vegstrekningar.

Reguleringsplan for Krokjen fekk motsegn, og tiltakshavar kom ikkje til semje med ein av grunneigarane. Parallelt med dette vart nytt areal mellom Våge og Landevegen godkjent til bustadføremål i kommuneplanen. Desse to planområda vert no slått saman og ført vidare i ein ny planprosess.

Fylkeskommunen gav motsegn til reguleringsplan for Onarheim sentrum i forhold til kulturminne. Arbeid er i gang for å oppheva motsegna. Me tek sikte på å få planen godkjent i løpet av våren.

Planprogram for utarbeiding av reguleringsplan for Våge sentrum har vore på høyring. Det vert tfordringar også her i forhold til kulturminne. Framlegg til reguleringsplan vil verta prioritert framover.

Kommunedelplan for fastsamband til Huglo er no godkjent av kommunestyra i Tysnes og Stord. Veggen vidare vert å få han finansiert og utarbeida reguleringsplan.

Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er i godt gjenge. Det vert lagt opp til ein fullverdig arealdel i strandsona, som kommunedelplan. Kommunen må ta arbeidet med kartlegging av strandsona, og då også kor stor del av strandsona som skal vurderast til andre formål enn LNF.

## **Økonomikontor**

Økonomikontoret har det daglege ansvaret for kommunen sine økonomifunksjonar; herunder budsjett, rekneskap, løn og rapportering m.m. – Skatteoppkrevjarfunksjonen har vorte utført/kjøpt av Os kommune frå midten av 2012.

Det nye økonomisystemet for rekneskap, utgåande og innkomande fakturaer og løn har vorte nytta i heile meldingsåret. – Innføringa har også i 2012 krevd mykje av dei tilsette på økonomikontoret; og då særleg med innføring av nytt lønssystem frå 01.01.12. For dei tilsette i Tysnes kommune som lønsmottakarar, har omlegginga til nytt lønssystem vore problemfritt.

Også i 2012 har det vorte nytta innleigde ressursar, då særleg knytt mot skanning og handsaming av innkomande fakturaer. Frå august 2012 vart det byrja med å ta i mot elektroniske fakturaer på EHF-format. Røynslene med dette så langt er at det på sikt vil gje kommunen innsparingar. Det er også positive effektar av nytt økonomisystem opp mot fakturering av kommunale avgifter/kommunale tenester.

Dei tilsette i kommunen har vore både lærevillige og positive til å ta i bruk nytt system for godkjenning av faktura og til fakturering av tenester og kommunale avgifter.

Det står framleis att å ta i bruk ein del programvare; nytt innkrevjingsprogram, budsjettmodul, løysing for internfakturering, fråværsregistrering, reiseregistrering og ikkje minst nytt elektronisk system for rekruttering.

## **Flyktning/innvandring**

Kommunen fekk i august 2012 førespurnad frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet(IMDI) om å busetja 30 flyktningar i perioden 2012 – 2014. Formannskapet vedtok i oktober at kommunen i prinsippet var positiv til å ta i mot flyktningar. Dei kunne likevel ikkje sjå at me på kort sikt var i stand til å gjera slike busetjingar. Utbygging av eit kommunalt busetjingstilbod for flyktningar skulle vurderast i samband med arbeidet med økonomiplanen.

Me har hatt ansvar for innvandrarak som kjem til kommunen med registrering og vedtak om norskopplæring i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR). Dette arbeidet vert no overført til skulekontoret.

## **Kultur**

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, koordinering og planarbeid.

## **Barne- og ungdomsarbeid**

Tysnes ungdomsråd har jamlege møte og ulike aktivitetar. Me har sekretærfunksjon i ungdomsrådet. Me var representert på Ungdommens Kulturmonstring (UKM) under fellesmonstringa mellom kommunane Bømlø, Fitjar, Stord og Tysnes og på UKM-fylkesmonstringa i Grieghallen.

## **Kulturformidling**

Kommunen har leigeavtale med Årbakka Handelsstad om bruk av parkeringsareal, gangveg og kaiområde. Kommunen har i tillegg høve til å disponera Sjøhuset i inntil 3 gonger pr. år. Avtalen kan reforhandlast kvart 3. år. Handelsstaden fekk i tillegg tilskot til drift for sommerseongen. Avtalen vart reforhandla for 3 nye år ved årsskiftet 2012/2013.

Lag og organisasjonar får stønad til ulike tiltak og underskotsgaranti i samband med arrangement. Teaterframsyninga «Babettes gjestebud» var eit samarbeid med Opdal ungdomslag og Haaheim Gaard. Kulturprisen vart tildelt Tysnes husflidslag.

## **Idrett**

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og alt sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd.

Spelemidlar vart tildelt Reiso kunstgrasbane, Barmahovda nærmiljøkart og Sletteskogsmarka nærmiljøkart. Langrennsanlegget ved Tysnes ski- og friluftsentar vart ferdigstilt. Arbeidet med revidering av kommunedelplan for idrett og friluftsliv bør prioriterast.

## **Generelt kulturarbeid**

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte: Rentestønad, oppstartingstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga.

Tysnesfest fekk direkte tilskot til marknadsføring og Oppdal ungdomslag eit driftstilskot til Grendatun kino.

I 2012 deltok kommunen med 3 arrangement under Kystsogevekene. Koordinatorarbeid for Kystsogevekene og kulturarbeidsgruppa.

I samarbeid med Bygdanettverket vart det gjennomført ein fotodugnad for Tysnes. Resultatet er ein «bank» med om lag 650 bilete som kan brukast i arbeidet med å informere om kommunen.

Det er viktig at ein sikrer eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar.

Det langsiktige arbeidet bør rettast mot kultur-og friluftaktivitet, kulturminne, planarbeid og kulturbasert næring.

### **Kulturvern**

Kommunen gjev stønad til prosjekt etter søknad. Det vart gjeve tilskot til innlesing og digitalisering av stadnamn og til ei bokutgjeving om Johannes Heggland.

Kulturminna treng jamleg skjøtsel og vedlikehald og tilrettelegging for publikum. Arbeidet med kulturminneplan bør starte opp.

### **Tysneshallen**

Drifta av Tysneshallen har funne si form, og det er små endringar frå år til år. I 2012 var hallen utleigd ca 26 timar på yrkesdagane i tillegg til helgeaktivitetar. Njardar/Tysnes får mindre bruk for treningstid etter at kunstgrasbanen kom. Likevel må det vera nokre opningar for at laget kan trenast i Tysneshallen når vertilhøva gjer det nødvendig.

Leigeinntektene ligg om lag på same nivå som tidlegare. Aktiviteten i bowlingrommet har auka siste året. Reklameinntekta utgjorde kr. 234.000 + 20.000 i naturalia. Dette gjer at tilskotet frå kommunen ligg ca. 160.000,- under det som vart vedteke i 2004. Overskotet i 2012 var kr. 34.700,-.

I 2013 må golvet i hallen lakkast. Veggane i vestibylen og i korridoren bør også malast. Det kan truleg gå eit par år før me treng beisa Tysneshallen på nytt.

### **Bibliotek**

Tysnes folkebibliotek har i 2012 vore bemanna med 67 % stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held dessutan ope på dagtid to dagar i veka då det også vert gjort kontorarbeid. I tillegg er det sett av fem timar i veka til indre arbeid.

Mediebudsjettet vart oppjustert i 2012, frå kr 66 000 til kr 100 000, i samsvar med den gjeldande bibliotekplanen for kommunen. Auka i mediebudsjettet vert øyremerka lydbøker og digitale media retta mot born og unge.

Utlånet var på totalt 6448 bøker og andre medium mot 6485 året før – altså omlag det same som i fjor. Men ein kan også sjå på det som ein svak oppgang, ettersom biblioteket vart heilt eller delvis stengd i ein lengre periode grunna opprydding og ominreiing av lokalet.

Men ein skal ikkje berre døma aktiviteten ved biblioteket etter utlånstala. Ei rekkje andre sider ved biblioteket si verksemd kjem ikkje så lett til syne i statistikken, som m.a. ymse refereransetenester, arrangement osv. Den totale bruken av biblioteket har dei siste åra stadig gått opp, nye låntakarar har kome til og det er all grunn til å tru at også utlånstala fortsatt vil auka som følgje av ei langsiktig satsing på biblioteket sine tilbod. Biblioteket har vorte ein viktig ”miljøfaktor” i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange, både vaksne og unge. Også om sommaren frå juni til august har biblioteket spelt ei viktig rolle som servicetilbod for feriegjestar og reisande som vitjar Tysnes.

Eit viktig mål for Tysnes folkebibliotek har vore å framstå som eit moderne bibliotek og ikkje sakka akterut samanlikna med dei større biblioteka i nabokommunane. Eit stort steg i denne retninga vart teke i 2012, då biblioteket fekk ei større oppgradering av interiør og utstyr, etter ei tilleggslyving på kr 100 000, noko som var både turvande og vart godt teke imot av publikum. Pga. ominnreiinga vart biblioteket heilt eller delvis stengd i ca. 8 veker.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. Tysnes folkebibliotek har dei siste åra hatt eit tett samarbeid med dei sju andre biblioteka i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Dette samarbeidet har heldt fram i 2012 med gode resultat, med fylkesbiblioteket som ein viktig samarbeidspartner. Det lokalhistoriske aspektet har som tidlegare vore ei hovudsatsing også i 2012, i samarbeid med Tysnes Sogelag – då særleg med tanke på å gjera den lokalhistoriske biletsamlinga tilgjengeleg for ålmenta. Sjølv om det vil vera naturleg for biblioteket å byggja opp og disponera ei lokalhistorisk samling, er ein likevel avhengig av eksterne midlar til ei slik drift.

Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd. I 2011 vart det vedteke ein ny bibliotekplan for kommunen, der det vert vist til nye satsingsområde og peika ut ein vidare kurs for drifta. Dette arbeidet heldt fram i 2012, med det siktemålet å gjera biblioteket endå meir attraktivt som eit kommunalt servicetilbod.

## **Friluftsliv**

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF held vedlike 10 område.

I samarbeid med lokale lag er me med i prosjektet ”Vandring Tysnes”. 12 utvalte turløyper er rydda og merka etter nasjonal standard. Mange av løypene har i tillegg merkte avstikkarar. Arbeidet med startpunkttafles har teke lengre tid enn forventa. Tavlene skal setjast opp ved parkeringsplassane/utgangspunkta. Prosjektet vart tildelt midlar frå Gjensidige Stiftelsen/Hordaland fylkeskommune til merking av fleire løyper.

### **2.1.5 Samla vurdering**

Rådmannskontoret har også i 2012 vorte drive med reduserte ressursar. – Økonomikontoret har gjennom året fått høve til å nytta ein del ekstraressursar i form av innleigd hjelp og overtid. Grunnane til dette ligg i dei store utfordringane som har lagt i innføringa av nytt økonomisystem og nytt løns- og personalsystem.

For sentraladministrasjonen vil tida framover i 2013 måtta prioriterast – forutan til dei ordinære driftsoppgåvene – til utarbeiding av kommunen sin planstrategi for inneverande kommunestyreperiode, til vidare harmonisering og justering i dei nye økonomi-, løns- og peronalsystema, til oppfølging av OU – rådhuset og andre strukturar. Vedtaksoppfølgingar vil stå sentralt – på investeringssida vil ikkje minst prosjekterings- og førebuingarbeidet i høve nytt omsorgssenter krevja mykje. Ulike planarbeid, særleg reguleringsplanar, vil få høg fokus. Prosjekt ny heimeside vil også måtta prioriterast høgt. Det føreståande stortingsvalet i september må følgjast opp til «punkt og prikke.» Me vil framleis stå føre utfordringar innan innkjøp med nye e-handel- og e-faktura-system. Budsjetstyring, kostnadsreduserande tiltak, internkontroll og kompetanseoppbygging vil vera andre sentrale arbeidsområde.

## **2.2 Undervisning**

### **2.2.1 Organisasjon**

Ansvarsområde for oppvekstetaten har i 2012 vore:

- Grunnskulane
- SFO
- Barnehagane
- Kulturskulen
- Vaksenopplæringa

#### **Grunnskulen**

I 2012 starta me med desse skulane:

Lunde skule 19 elevar

Onarheim skule 19 elevar

Uggdal skule 83 elevar

Tysnes skule 68 elevar

Ungdomsskulen 119 elevar

Skulebruksplanen og framtidig skulestruktur har vore i fokus i lang tid. I februar fekk me dette vedtaket i kommunestyret:

«Alternativ 3 B i skulebruksplanen blir valgt som framtidig skulestruktur i Tysnes kommune.

Alternativ 3b – Drift på 3 skular: Tysnes skule 5 – 10, Uggdal skule 1 – 4 og Onarheim 1 – 6»

Lunde skule vart lagt ned frå august 2012. Elevane frå 1.-4. trinn vart overflytta til Uggdal skule, elevane i 5.-6. klasse til Tysnes skule. Lærarane frå Lunde skule vart fordelt på dei same skulane. Administrasjonen prøvde så langt det var råd å flytta personalet der dei sjølv helst

ynskte å jobba, noko me i stor grad fekk til. Me fekk litt utfordringar m.o.t. skuleskyss, men det ordna seg etter kvart.


Ved årsskifte 2012/2013 var det totalt 308 elevar i grunnskulen i Tysnes, 189 på barnesteget og 119 på ungdomsteget. 38 elevar gjekk ut av 10. klasse våren 2012 og 25 elevar tok til i skulen i august 2012.

### Tilstandsrapport for grunnskulen.

Rapporten omhandlar læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten viser at me har lite mobbing i Tysnesskulane. Elevane viser og høg grad av trivnad og dei føler at dei får faglege utfordringar. Dei opplever meistring i stor grad.


Me er særst nøgde med dei nasjonale prøvene. Her syner elevane våre gode resultat samanlikna med fylket vårt og landsgjennomsnittet.

Samanlikning 5. steg, engelsk, lesing og rekning:




Tysnes skule, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, 2012-2013

Samanlikning 8.steg, engelsk, lesing og rekning:



Tysnes skule, Grunnskole, Nasjonale prøver ungd. trinn, 2012-2013

Samanlikning 9. steg, lesing og rekning:




Tysnes skule, Grunnskole, Nasjonale prøver ungd. trinn, 2012-2013

Me er og godt nøgde med grunnskulepoenga til elevane våre. Desse poenga gjeld som kriterium for opptak til vidaregåande skule. Gjennomsnittet vårt ligg på 41 poeng, mens landsgjennomsnittet er 39,9 poeng:



## Tysnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode



Tysnes kommune skoleeier, Grunnskole

### Spesialundervisning

Omfanget av spesialundervisning etter einskildvedtak i skulane i Tysnes ligg framleis noko høgare enn landsgjennomsnittet. Totalt fekk 38 elevar slik undervisning i 2012. Dette utgjer 12,3 % av elevmassen. Det er grunn til uro over den store andelen av elevar som får spesialundervisning. Målet må vera å gje større grad av tilpassa opplæring i klassen, og dermed redusera graden av einskildvedtak.

Alle individuelle opplæringsplanar (IOP) vert handsama i SAMPRO. Dermed oppfyller kommunen krava til sikker arkivering på dette området.

### Blå skule

Nokre av elevane ved skulen har så store vanskar at dei ikkje maktar å fungera fullt ut tilfredsstillande i ein tilrettelagt undervisningssituasjon i skulen sine lokalar. Skulen har difor oppretta eit alternativt skuleprosjekt i tilknytning til Solstråleøya. Opplegget er kalla "Blå skuledag". Her får 5 elevar skuletilbod i inntil 12 timar pr. veke. Ein utnytter vidare den same ressursen til å gje alle elevane ved Tysnes skule høve til å søka seg plass i dette opplegget. Tilbodet har vist seg særst populært, styrkar integrering av elevar med særskilte behov og gjev alle deltakarane auka naturfagleg kompetanse. I tillegg vektlegg undervisninga i "Blå skuledag" sterkt ein praktisk tilnærming til grunnleggjande dugleikar i matematikk, lesing og skriving. Elevar som har fått plass i dette tilbodet gir uttrykk for høg grad av trivsel og kompetanseheving. Dei opplever meistring og føler seg inkludert i skulen. Innhaldet i tilbodet er dokumentert i eigen rapport.

Nytt hausten 2012 er at ein også gjev elevar frå dei andre skulane og Stjernereiso barnehage tilbod om deltaking. Så langt har elevar ved Uggdal skule teke i mot tilbodet, og barnehagen deltek med ei barnegruppe kvar fredag.

### **Oppnådde resultat i høve handlingsprogram og planar**

Oppvekstetaten har laga ny strategiplan for utvikling av skular og barnehagar i kommunen. Planen vart vedteken i oppvekst/omsorg 29.05.12 og skal gjelde for tidsrommet 2012-2015. Utviklingsområda i planen er: Leiaropplæring, Plan for sosial kompetanse, fysisk aktivitet og kosthald i barnehagar og skular og Internasjonalt samarbeid. I tillegg vert det sett fokus på kompetanseheving. Skulane har i tillegg desse satsingsområda: Lesing, tilpassa opplæring, vurdering, IKT, engelsk og matematikk. For barnehagane skal det særleg satsast på: IKT, rettleiing, språkutvikling og matematikk. Planen vert jobba med kontinuerlig og ligg i grunn for alt me driv med i barnehage og skule. Den er delt ut til føresette, politikarar og andre interesserte.

### **Utvikling av digital kompetanse i skule og barnehagar**

Stjernereiso, Onarheim og Lunde barnehager er kopla opp til lærar/elevnett og har no same nettløysing som skulane. Det vert jobba med å få til dette i Vågsmarka og.

Det er halde kurs i bruk av heimesider og interaktive tavler. Gjennom heile dette året har me arbeidd med ny IT plan for skulen. Planen er eit samarbeid med Midthordland kompetanseregion, IKT plan Drammen og etter kvart nesten 200 andre kommunar i Norge. Planen er under omsetjing til nynorsk og vil truleg kunne vere ferdig våren 2013. Me hadde eit havari på lærarservaren tidleg på året, noko som viste kor sårbart systemet kan vera. Det er no sett i gong eit arbeid med å skaffa skular og barnehagar ei meir tenleg e-postløysing enn den me har i dag.

Opplæringslova § 13-10 pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for å vurderer om, og følgja opp at skuleeigar etterlever lovverket. I den samanheng hadde me hausten 2011 eit data-program frå Moava til utprøving på Tysnes skule. Røynslene var gode, og systemet vart teken i bruk ved alle skulane og barnehagane i løpet av første halvår 2012. Uggdal, Lunde og Onarheim skule har sertifisert lærarar og fått tilgang til diagnostiseringsverktøyet Logos. Tysnes skule har teke i bruke diagnose og planverktøyet Kartleggeren.

### **Plan for kompetanseutvikling**

Det vart sist utarbeidd ein handlingsplan for kompetanseutvikling i skular og barnehagar i Tysnes i 2010. Ein slik plan gav tidlegare grunnlag for utbetaling at tilskott frå stat og fylke. Etter dette har ein innført ein ny vidareutdanningsreform i skuleverket der kostnadene vert delte mellom stat, kommune og den einskilde lærar. I 2012 var denne fordelinga slik: 50 – 25– 25. Tysnes kommune har i 2012 hatt 3 lærarar med på dette opplegget. To av dei har teke vidareutdanning i logopedi og spansk, og var ferdig våren 2012. Ein begynte hausten 2012 på vidareutdanning i rådgjeving. Med den sterke konkurransen det no er om kvalifiserte lærarar,

er det viktig at Tysnes kommune tek del i denne satsinga. Det er etter måten mange lærarar som fell for aldersgrensa dei neste fem åra.

Det er og utarbeidd plan for kompetanseutvikling i barnehagen. Denne planen gav grunnlag for utbetaling av kompetansemidlar i 2012. Totalt fekk kommunen kr. 25 429 i kompetansemidlar dette året. Desse vart i hovudsak brukt til å halda kurs for personalet innan språkleiken Bravo. I tillegg kom midlane for arbeid med minoritetsspråklege barn i barnehagane. Her fekk kommunen ein sum på ca. kr. 10 000.

## **Tilsyn**

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med to skular i Tysnes kommune – Tysnes skule og Lunde skule - hausten 2010. Tema for tilsynet var elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø og skulen sitt arbeid med å sikre dette, og tilsynet var ein del av det felles nasjonale tilsynet for 2010. I tilsynsrapporten sette Fylkesmannen krav om ei skriftleg erklæring på at lovbrota er retta og dokumentasjon på at det er gjort endringar i samsvar med pålegga.

Utdanningsdirektoratet har for 2012 pålagt Fylkesmannen å ha oppfølgingstilsyn med dei kommunane som blei kontrollerte i 2010. Formålet med å gjennomføre oppfølging av tilsyn er hovudsakleg å undersøkje om dei kontrollerte skuleeigarane har tatt ansvar for å endre lovstridig praksis i tråd med tidlegare pålegg om retting. Kontroll med endring av praksis er dermed i realiteten eit nytt tilsyn i høve til det opphavlege tilsynet, med same tema.

Oppfølgingstilsynet vil i utgangspunktet avgrense seg til dei tilhøva som medførte pålegg i det opphavlege tilsynet, med vekt på endring av praksis.

Et anna formål med oppfølging av tilsyn, er å medverke til at kommunen oppfyller skuleeigaransvaret sitt. Dette gjeld både overfor dei skulane som tidlegare har vore involverte i tilsynet, men også overfor dei andre skulane i kommunen, jf. oppl. § 13–10 første ledd.

Rapporten konkluderer med at alle pålegg frå tilsynet i 2010 er oppfylt.

På slutten av 2012 vedtok Kontrollutvalet at det skulle førast Forvaltningstilsyn med temaet «Spesialundervisning og tilpassa opplæring». Dette tilsynet vil bli ført i 2013.

## **SFO og leksehjelp**

Dette året har Onarheim og Uggdal skule hatt SFO tilbod og tilbod om leksehjelp. SFO held ope før og etter skuletid. Her er tilbod om eit varierende utval av aktivitetar. Ved utgangen av 2012 var det 40 elevar som nytta seg SFO-tilbodet. Dette utgjør ca. 38 % av elevane i småskulen.

## **Barnehagen**

Ved utgangen av 2012 hadde 117 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjør 86 % av alle barn i førskulealder. (f. 2007 – 2011), 136 born totalt.

Det er 42 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 56 born i kommunen, d.v.s at 75% går i barnehagen.

I aldersgruppa 3-5 år er det 75 born i barnehage (av totalt 80). Her er dekninga 94 %.

Dekningsgrad	2008	2009	2010	2011	2012
Under 3 år	60 %	67,3 %	73 %	71,7 %	75 %
Over 3 år	99 %	99 %	97 %	98,7 %	94 %
Totalt	84 %	87,9 %	86 %	87,4 %	86 %

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste seks åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet fordelt på krinsar:

Fødselstal	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Lunde	4	5	3	6	3	6
Onarheim	2	4	3	6	3	6
Reksteren	0	0	0	1	1	0
Tysnes	9	13	14	12	14	7
Uggdal	7	5	9	6	7	7
SUM	22	27	29	31	28	26

Årsverk og tilsette: I barnehagane har me hatt 35 personar på ca. 30 årsverk.

Dette barnehageåret har vore prega av to nye byggeprosjekt etter at ny barnehagestruktur vart vedteken 26.04.12. Vedtaket vart:

«Tysnes kommune skal ha tilbud om barnehage i tettstadane Lunde, Onarheim, Våge og Uggdal. Familiebarnehage for Reksteren skulekrins vert vurdert etter ynskje frå foreldre om barnetalet vert slik at ein kan forsvare ein slik eining.

I tråd med prognoser som er lagt fram skal barnehagane vera dimensjonert slik: Onarheim 1 avdeling, Lunde 2 avdelingar, Uggdal 3 avdelingar og Våge 5 avdelingar. Opptaket av born i Onarheim, Lunde og Våge skal vera slik at barnehagane vert drifta med fulle avdelingar. I barnehagen i Lunde vert det lagt opp til utviding etter behov. Lunde barnehage skal frå hausten 2012 flytta inn i lokala til Lunde skule.»

Etter vedtaket har me fått på plass Stjernereiso barnehage på Reiso i modulbygg frå Ramirent. Desse er leigd inn for ein fem års periode. Stjernereiso har 72 plassar og hausten 2012 var denne fylt opp med barn frå Våge og Uggdal.

Me har også nyopna ein flott barnehage i Lunde som har plass til mange barn. Dette året har det vore to avdelingar med 36 plassar. Denne barnehagen har plass til fleire barn.

Vågsmarka barnehage er full, 36 plassar og Onarheim barnehage er full, 18 plassar.

Det er ein travel kvardag i barnehagane med mange små barn og kontinuerlig opptak. Sjukefråværet i personalet har vore høgt, spesielt på Stjernereiso (12,24%). Noko av årsaka kan vere at det største presset har vore her, med flytting og mange nye barn.

Det vart gjort vedtak om ny barnehage i Uggdal i løpet av ein femårsperiode og rehabilitering/nybygg av Vågsmarka barnehage etter at barnehagestrukturen vart vedteken våren 2012. Barnehagestrukturen vert endra slik:

Stjernereiso barnehage, fire avdelingar. Etter leigeperioden på 5 år, skal det vere ein tre-avdelingsbarnehage på Reiso. Vågsmarka barnehage består slik den er med to avdelingar, 36 plassar, inntil ny barnehage på fem avdelingar skal vere klar. Dei får likevel litt oppussing i forhold til arbeidsrom i barnehagen og uteleikeplassen blir oppjustert med nye leikeapparat. Lunde barnehage er flytta inn i heilt nyoppussa lokale i Lunde skule. Denne barnehagen skal ta inn alle barn som det ikkje er plass til i andre barnehagar. I år har den hatt to avdelingar med 36 plasser. Onarheim barnehage har 18 plassar.

### **Satsingsområde:**

Barnehagane er flinke til å arbeida med satsingsområda. Det vert arbeidd med språk som hovudtema, gjennom Bravospråkutviklingsprogram og SOL i barnehagen (systematisk observasjon av læring). Heile personalet hadde kurs i dette rett over nyttår i fjor. Visjonen vår «Glade barn, glade vaksne» vart satt stor fokus på, både på korleis me vakse skal vere gode førebilete for borna og kvarandre og korleis dette bidrar til glade born og medvitne vaksne ☺

Dette barnehageåret har me gitt dispensasjon frå utdanningskravet til ein førskulelærer, mens me året før hadde fire dispensasjonar.

### **Spesialundervisning:**

Det er ikkje til å leggja skjul på at behovet for spesialundervisning aukar også i barnehagane. Dette er eit viktig arbeid med tanke på at det er ei målsetting å setja inn tiltak så tidleg som mogeleg. Dette året har 6 born hatt spesialundervisning etter einskildvedtak, hovudsakleg med logoped.

### **Kulturskulen**

Kulturskulen har skuleåret 2011/2012 43 elevar (pr. 1.oktober 2011).

Desse er fordelt på:

-piano	16 elevar
-gitar / bassgitar	19 elevar
-messing/aspirant	5 elevar
-slagverk	3 elevar

Kulturskulen sel dirigent/instruktør/slagverk-timar til:

-kor	5 timar	Tysnes kammerkor
-korps	19 timar	Onarheim musikklag, Tysnes musikklag, Tysnes skulekorps
-grunnskule	1,5 timar	

Ein har sidan 2009 hatt kornettklassar på alle skulane med 4.trinn. Hausten 2012 gjeld dette Uggdal, og Onarheim skule. Begge skulane får låna instrument frå kulturskulen til føremålet.

Kulturskulen har hatt 2 heile stillingar fordelt på 6 personar. Måla for arbeidsmiljø/lokale er ikkje nådd. Det er difor vanskeleg å driva forsvarleg.

## **Vaksenopplæringa**

Dei elevane som har rett og plikt til norskopplæring, skal ha ei individuelt tilpassa opplæring etter ein individuell opplæringsplan. Dei kjem hit spreidd og tilfeldig, og kommunen skal etter lova syta for at dei kjem i gong med opplæring innan 3 månader. Det har difor vore uråd å organisera opplæringa i større grupper. Me har lagt opp til ei felles hyggestund med kaffi kvar måndag. Dette for å hjelpa til med å skapa ein fellesskap, stimulera til samtaletrening og auka trivnaden. Dette har vore vellukka. Elevane viser stor innsatsvilje og engasjement. Dei viser ynskje om å integrera seg, evne til framdrift og vilje til å gje noko tilbake til samfunnet. Elevane er etablerte med familie og er å rekna som faste innbyggjarar i Tysnes. Vaksenopplæringa driv undervisninga i Fleirbrukshallen. Det er trong for nye og tilpassa lokale til denne gruppa.

Me har og drive norskopplæring for arbeidsinnvandrarar. Her har me delt undervisninga inn i 2 grupper, nivå 1 og nivå 2. Kvar av desse gruppene får undervisning 2 kveldar i veka gjennom heile skuleåret. Undervisninga har vore gratis for deltakarane.

### **2.2.2 Politisk aktivitet**

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Oppvekst/omsorg	12	15	33	28	28	23	20
Kommunestyret	3	3	8	0	8	3	6

Når det gjeld oppfølging og effektivering av politiske vedtak, meiner me at alle vedtak er følgde opp etter føresetnadene.

### **2.2.3 Økonomisk resultat**

Oppvekstetaten kom i 2012 ut litt i underkant av revidert budsjett, med eit forbruk på om lag 57 mill. kr. Me sparte 1,3 mill. kr. på nedlegginga av Lunde skule, men fekk ekstra utgifter på 700.000 kr. p.g.a. ein klasse til på Uggdal skule.

Me har og fått leigutgifter på Modulbarnehagen på Reiso på i overkant av 1 mill.kr. Lunde Barnehage er blitt rusta opp og har fått ein avdeling meir. Auken i driftsutgifter her vart kr. 550.000,-. Undervisning av framandspråklege elevar i grunnskulen har auka i 2012. Straumutgiftene var høgare enn budsjettert, berre på skulane dreier det seg om 200.000 kr i auka forbruk.

Oppvekstetaten styrer felleskostnader, løn og pensjon administrativt, medan dei ulike einingane styrer resten av driftsbudsjettet. Alle einingane kom greitt ut, med unntak av dei særlege utfordringane med auka kapasitet på Uggdal skule og Lunde barnehage. Uggdal skule har og vore noko underbudsjettert.

Vaksenopplæringa har gått med overskot, men dette er betydeleg mindre enn 2011. Frå 2013 er det budsjettert med at vaksenopplæringa vil verta ein utgiftspost, medan me til no har av ulike omstende gått med overskot på dette kapitlet.

#### 2.2.4. Fråver

<b>Sjuefråver</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
Skular	4,3 %	3,9 %	4,9 %	5,4 %	5,0 %	4,1%
Barnehagar	8,1 %	4,5 %	9,1 %	13,2 %	13,7 %	9%
Totalt	5,2 %	4,0 %	6,9 %	9,3 %	7,0 %	5,6%

Sjuefråveret har gått ned, noko som er svært gledeleg. Det er likevel noko høgt i barnehagane og vert eit område me kjem til å ha fokus på framover.

#### 2.2.5 Samandrag

2012 har vore eit utfordrande år for oppvekstsektoren.

Barnehagerettleiaren hadde permisjon første delen av året og ny oppvekstsjef vart tilsett frå juni, då den tidlegare oppvekstsjefen gjekk av med pensjon. Det er då godt å ha ein konsulent på skulekontoret, som sørgjer for kontinuiteten i arbeidet.

På skulesektoren fekk me vedteke ny skulebruksplan, noko som resulterte i nedlegging av Lunde skule. Slike prosessar er alltid krevjande, både for dei som mister skulen og for dei som får nye elevar og tilsette. Det er likevel grunn til å gje ros til elevar, føresette og tilsette for at prosessen gjekk greitt og alle har tilpassa seg den nye kvardagen.

Resultata frå Elevundersøkinga og Nasjonale prøver viser at elevane våre opplever ein god skule og at resultata er svært bra. Me har dyktige tilsette i skulane våre!

Barnehagane har og vore gjennom ein strukturdebatt, som resulterte i eit vedtak om desentralisert barnehagestruktur. Me fekk på rekordtid opp ein førebels modulbarnehage på Reiso, med 4 avdelingar og 72 plassar. Uteområdet her har fått ein skikkeleg oppgradering. Barnehagen er midlertidig og har ein del utfordringar med at dette er eit midlertidig bygg. Det er viktig at me ikkje drøyer planen med permanent barnehage. Dette gjeld også for Vågsmarka. Personale og foreldre er utålmodige til at ting skal begynne å skje her.

Lunde barnehage flytta inn i tidlegare Lunde skule, etter ein omfattande rehabilitering. Barnehagen er blitt lys og triveleg med mykje plass og er ein barnehage me har grunn til å vera stolte av.

Oppvekstsektoren er takksame for dyktige tilsette på alle plan som gjer ein god jobb for å yta dei tenestene innbuarane våre har trong for.

## **2.3 Helse- og sosial**

### **2.3.1. Økonomisk resultat**

Helse- og sosialetaten kjem ut med eit negativt avvik på 335` i høve regulert budsjett.

### **2.3.2 Utviklingstrekk i etaten**

Plan og utgreiingsarbeid som er gjennomført i 2012:

- Opplæringsplan i helse- og sosialetaten.
- Kompetanseløftet 2015 – tilskot til opplæring av personell i helse- og sosialetaten.
- Verksemdsplan for helse- og sosialetaten i 2012.
- Av og til prosjektet utan alkohol.
- Rusprosjektet – ruskonsulent.
- Buretteiær/konsulent - Bustadsosial handlingsplan – prosjekt, oppstart 01.02.12.
- Kommunar i dans med frivillig innsats, eit møte i 2012.
- Samarbeidsprosjekt om etisk kompetanseheving.

Utfordringar i 2013:

- Prosjektering ny sjukeheim / omsorgssenter.
- Rekruttering faglært arbeidskraft: helsefagarbeidar, sjukepleiær, vernepleiær, anna høgskuleutdanna.
- Kompetanseoppbygging.
- Økonomi-/ budsjettstyring.
- Kvalitetsarbeid.
- Samandlingsreforma.

Helse- og sosialetaten hadde breidt tilsyn på dei fleste tenester i 2012, 7. og 14. juni, det vart meldt 3 avvik, 1 er lukka 2 er førebels ikkje lukka.

Helse- og sosialsjef Einar Aslaksen gjekk over i stilling som kommunalsjef f.o.m. 01.09.12, Hildur Heie vart frå same tidspunkt konstituert i etatsleiærstillinga, inntil vidare avklaring om organisering i kommunen.

Sjukefråvær for heile etaten samla 8,21%.

### **2.3.3. Helseavdelinga**

**Tysnes legekantor/Tysnes legevakt**



**Generelt:** Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønsspraksis, i motsetning til dei fleste stader i landet der det er privatpraktiserande allmennlegar med fastlegeavtale med kommunen. Kommuneoverlegen ser det som viktig at allmennlegetenesta i Tysnes er samla i eitt kontor. Blandingsmodell mellom privat praksis og fastløn finst i mange kommunar, men vil krevja ein del for å få til levelege avtalar om økonomisk oppgjerd.

Dei tre fastlegane har pr. 31.12.2012 i alt ca 2290 på sine lister. Me har ein del på listene frå andre kommunar, men det er ein netto "lekkasje" på 450 pasientar, dei fleste til Os /Anna Aanesen. (Anna Aanesen skal selja sin fastlegepraksis våren 2013, og det er mulig at ein del pasientar vil melda overflytting til Tysnes då).

Tysnes kommune betaler eit nettooppgjerd på 169.000 til andre kommunar for gjestepasientar i fastlegeordninga, og dette beløpet er utgiftsført på Tysnes legekantor sitt rekneskap.

Legekantoret har legevaktansvar for alle bebuarar og gjester i kommunen døgnet rundt, uavhengig av listetilknutting.

Legekantoret gjev akutt legehjelp og lab.service for sjukeheimen innan legekantoret si opningstid, utan at det vert ført mellomrekneskap mellom legekantor og sjukeheim.

Medan fastlegekantor i byane avviser gjestepasientar (utan fastlegetilknutting) på dagtid, har Tysnes legekantor eit stort antall gjestepasientar (feriefolk og akuttbehandling for fastbuande med fastlege utanfor kommune), særleg i sumarferien. Arbeidsbelastninga (som legevakt på dagtid) blir difor langt større enn talet listepasientar tilseier.

## **Bemanning**

- 3 fastlegar, 1 turnuskandidat
- bioingeniør/kontorleiar, 100 % stilling, sjukepleiar 40 % stilling, helsesekretær 60% stilling, sjukepleiar 50% stilling.
- BHT kjøper 20 % legestilling, Tysnes Sjukeheim kjøper 20 %.

## **Legevakt**

Tysnes har vald å halda på lokal legevakt. Ved sentralisert legevakt vil det vera Helse Fonna som blir pålagt ekstra transportkostnader for å koma til legevakt, så sentralisering kan bety innsparing for kommunen. Men legeberedskap lokalt vil bli svekka.

Dei tre faste legane pluss turnuskandidat, deltar i legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. Frå 2008 er det gjort avtale mellom KS og DNLF om påslag på 25% på timegodtgjering på vakt for vaktene når vaktbelastninga blir mindre enn 4-delt. Innleige av ferievikar om sumaren kan medføra at ein slepp slikt timetillegg. Forhandlingar om honorar for legane skulle reforhandlast pr. 1.7.2012, men er enno ikkje slutført. KS har meldt at etterbetaling frå og med 1.7.2012 må påreknast.

Kommuneoverlege Skartveit har pga. alder ingen plikt til legevakt, også Markov er over 55 år og kan krevja fritak for legevakt (etter nye reglar frå 1.1. 2013), begge har deltatt i legevakt til no. Me har hatt litt eksterne vaktlegar, bl.a. Waleed Brisam har deltatt litt i helgevakter.

Tysnes dekkjer legevakt for Ølve og Kvinnherad (utanom kontortid), men Kvinnherad bidrar ikkje med lege. Det er gjensidig 1 års oppseiingstid mellom kommunane på denne avtalen.

I legekantoret si opningstid dekker legekantoret legevakt/beredskap. Det er ikkje avlønning utover den ordinære fastløn for legane for legevaktfunksjon i kontortid.

Legevaktssentralen er bemanna av spesialopplærte sjukepleiarar, den er lokalisert til Stord Sjukehus, er felles for Tysnes/Stord/Fitjar/Bømlo (mulig også Kvinnherad?), er lokalisert til Akutt Mottak på Stord Sjukehus. Tenesta vert kjøpt frå Helse Fonna.

Tysnes sitt legevaktnummer er no 53474000. (Ølve og Hatlestrand skal bruka Kvinnheradnummeret.

Legevaktbil Suzuki Swift 4WD, ny jan 2011, leasingavtale. Leigeavtalen går ut januar 2014, det er då nødvendig med ein litt meir robust bil.

Me har prøvt å ha fagleg samarbeid/kursing i lag med ambulansen, og dette er nødvendig og nyttig. Lovmessig er begge partar pålagt samhandling/samtrening og beredskapsplanlegging. Me hadde større kurs via Norsk Luftambulansse i 2011, men ikkje hatt storøving i 2012.

Det er krevande vaktbelastning for legane med vakter utover fulle stillingar på dagtid. Det er ei bonusordning med 2 timar avspasering med løn for vakt natt før kontordag. (Etter avtalar frå 1.7.2010. kan legen få 4 timar betalt fri på særleg belastande vakter). I sum blir det ein ekstra-kostnad for kommunen med 5 x 52 x 2 timar for kommunen pr. år = 520 timar pr. år, d.vs. ca 1/3 av eit legeårsverk. Denne kostnaden vert ikkje synleggjort i rekneskapet for kva lokal legevakt kostar.

Spesielt i ferievekene om sumaren er vaktbelastninga svær, ettersom det i for eksempel i juli månad er anslagsvis 12-14000 personar i vaktområdet mot fastbefolkning ca 3700. Både legane si ferieavvikling, påslag på vaktgodtgjering er moment som gjer det heilt avgjerande med vikarinntak for lege om sumaren for å få dette til å gå rundt.

Spesielt under Tysnesfest var det hektisk for vaktlege/ambulansse. Legekantoret deltok i planlegging av helseberedskap under Tysnesfest, i lag med ambulansse (stasjonssjef) og politi. Det var i 2012 lagt opp til nedkorta vaktperiodar for legane.

På kveldstid fredag og laurdag under Tysnesfest var det 2 legar på vakt (og dei hadde det hektisk). Ein etablerte "feltlasarett" på Tysnes Skule som var eit nødvendig tiltak under dei ekstraordinære forhold. Både antall personar under Tysnesfest og aktivitetskarakter blant publikum tilseier stort behov for medisinsk assistanse (rus/skader). Ein samarbeider tett med arrangørar og politi under arrangementet.

## **Oppsummering**

Det har vore eit arbeidsår på det jamne. Me opplever å ha god dugnadsånd på kantoret, og prøver vera bevisste på at me skal vera ein serviceinstans til tross for ein "uberekneleg mate-

rie" med akutte alvorlege problemstillingar der både personale og pasientar må prøva vera fleksible for å tilpassa "øyeblikkets behov".

For underteikna som skal prøva kombinera administrativt ansvar med å hiva seg rundt i akutt-situasjonar, er dette eit løpande krysspress og ofte med ei kjensle at ein ikkje heilt strekk til i dei formelle administrative rutinar.

Det har vore drøfting om risiko/sårbarhet vedr det EDB-baserte legejournalssystemet. For å halda god nok beredskap på legevakt er det viktig at dette er oppe og går med kortast mulig avbrekk, må uansett vera operativt før neste morgon.

Fokus på fagleg oppdatering/ prosedyreutvikling /internkontroll vil vera eit viktig emne i 2012. Oppfølging av Deloitte sin revisjonskontroll i 2011 har vore på dagsorden.

Ein deltar i opplegg «Vestlandsløftet» vedr. elektronisk samhandling, Siktemålet er å sikra nødvendig informasjonsflyt mellom lege, kommunal pleie- og omsorg (sjukeheim/heimesjukepleie) og annelinjeteneste (sjukehus og spesialistar); men ein må løpande ta omsyn til dei avgrensingar som Datatilsynet og teieplikt krev.

### **Tysnes helsestasjon**

I tillegg til ordinære oppgåver som:

- barne-kontrollar
- svangerskapskurs- og kontrollar
- influensavaksinerings
- kontortid/undervisning på skulane
- tuberkulosearbeid
- samtalar med foreldre
- vera koordinator i IP
- vera pådrivar i tilvisingsprosess (til 2. linjetenesta)
- delta i formelle møter med andre instanser

har helsestasjonen hatt større fokus enn vanleg på fylgjande tema:

### **Overvekt barn, unge**

Begge helsesøstrene har vore ein dag på kurs med overvektsklinikken på Haukeland, som opna våren 12. Den nye Folkehelseleva og Nasjonale faglege retningslinjer seier at bl.a. helsestasjon- og skulehelsetenesta skal satse på å førebyggje overvekt hjå barn og unge. Me har hatt mykje fokus på dette i året som gjekk, og me vil jobba vidare med å utarbeida ein prosedyre for dette arbeidet.

### **Foreldreveiledning**

Helsestasjonen har dei siste to åra jobba etter det gamle foreldreveiledningsprogrammet til helsedirektoratet. No har me vore ein dag på kurs i det NYE foreldreveiledningsprogrammet «Sammen foreldre og barn», og me vil bruka dette frå jan-13. Programmet går frå fødsel og fram til barnet er 4 år.

### **Arbeid med svangerskapsdepresjon**

Helsestasjonen har dei siste to åra brukt det såkalla EPDS- skjemaet som skal avdekkja svangerskapsdepresjon. Regionsenter for barn og unge si psykiske helse er klar på at ein skal gjennomgå eit undervisningsopplegg før ein nyttar EPDS-skjema. Dette har no både jordmor og helsesøstre gjennomført, og me har fått grundig innføring i korleis bruke dette skjemaet og korleis driva såkalla støttesamtaler. Dette var særst nyttig, og me kjenner oss mykje betre rusta til å avdekkja og førebyggja svangerskapsdepresjon.

Tysnes kommune har inngått ein samarbeidsavtale mellom nasjonalt kompetansenettverk for sped- og småbarns psykiske helse, regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP) helseregion Øst og Sør. Denne avtalen forutset at me går til veiledning jevnleg eit år etter kursinga, og dette er i gang. (samarbeid med Fitjar kommune).

### **Omorganisering på rådhuset**

Helsestasjonen var ei avdeling som var tenkt flytta i prosessen som omhandla omorganisering på Rådhuset. I helsestasjonen si årsmelding frå 2011, står det noko om kva me opplever som er viktig for at ein helsestasjon skal vera tenleg for brukarane og dei tilsette. Me ber om at dette blir teke omsyn til ved ei evt. flytting av helsestasjonen.

### **Tankar om 2013:**

- I tråd med den nye Folkehelseleva vil jordmor fokusere ekstra mykje på livsstilsending i samtale med den gravide på svangerskapskontrollane.
- Me vil framleis ha fokus på prosedyrer og avviksmeldingar.
- Vera pådrivarar (= hjelpa til med å undervise) til at Sampro, nettbasert program for Individuell Plan, blir meir brukt av alle aktuelle instansar.

### **Fysioterapi**

#### **Fysioterapiressursar**

Dei siste ti åra har det vore lite kontinuitet i fysioterapitenesta i kommunen. Årsaka til dette er truleg at tenesta berre har 1,5 årsverk, og at det såleis har vore vanskeleg å rekruttera fysioterapeutar. Hanne Bjørg Hagevik slutta i 75 % stilling sommaren 2011. Eweline Kubiak gjekk ut i permisjon hausten 2011. Aneta Uroda-Dziewiatka byrja i 50 % stilling hausten 2011. Ein 100% fysioterapistilling stod i vakanse i permisjonstida, altså eitt år. Anne Opdal tok til i 100% stilling 1. september 2012. Ho tok på seg kommunale oppgåver, og Åshild Matre hadde oppfølging av einskildpasientar på sjukeheimen i permisjonstida til E.K., grunna lite fysioterapiressursar i Tysnes kommune.

#### **Ressursinsats**

## Rehabilitering:

- Diagnosegruppe: Mest muskel/skjelettskadar, lårhalsbrot, apopleksi (slagpas.) og nevrologiske lidningar.
- 40 tilvisingar frå lege, heimesjukepleie og avdelingssjukepleiar ved sjukeheimen.
- Bebuarar på sjukeheimen får tilbod om fysioterapi etter behov i tverrfagleg samarbeid med avdelinga.
- Om lag 9 timar fysioterapi ved sjukeheimen kvar veke før 1. september 2012.
- Anne Opdal har i tillegg hatt behandling/trening på sjukeheimen av heimebuande kronikkarar som ikkje har fått timar ved fysikalsk institutt.
- Vurdering av hjelpemidlar/rullestolar i samarbeid med ergoterapeut.
- Om lag 4 heimebehandlingar kvar veke av pasientar med kroniske sjukdommar som ikkje kan gå på fysikalsk institutt, og oppfølging av pasientar etter sjukehusopphald.
- Inntaksmøte om lag 1 gong i månaden.
- Samarbeid med lege, heimesjukepleie, ergoterapeut ved behov i einskildsaker.

## Måloppnåing

Både Anete Uroda-Dziewiatka og Anne Opdal har i meldingsåret lagt mest vekt på rehabilitering. A.O. har i tillegg hatt oppfølging av born ved helsestasjon og på skulen. Har i samband med oppfølging av born hatt møte med spesialisthelsetenesta. Har delteke på tverrfagleg-samarbeidarbeidsmøte, og arbeid med individuellplan (IP) i forhold til enkelte born. Begge har teke kurs ved NAV Hjelpemiddelsentral.

Grunna stor turnover i tenesta har det vore for lite kontinuitet og samarbeid med helsestasjon, barnehage og skule, sjølv om dette er lovpålagt. Det har og vore lite tid til førebyggjande tiltak for born og unge, og lite tid til administrative oppgåver, prosedyrar, kvalitetssikring og planarbeid.

## Konklusjon

Samhandlingsreforma inneber at folk skal få bu heime så lenge som råd er. Me opplever at pasientar får kortare liggetid på sjukehus. Kommunen pliktar å syta for eit forsvarleg rehabiliteringstilbod til desse pasientane anten på sjukeheimen eller i heimen.

I tillegg legg reformen vekt på at kommunen skal prioritera førebyggjande tiltak for born, unge og eldre. Dersom intensjonane i samhandlingsreforma skal følgjast opp, vil dette medføre behov for større kommunale fysioterapiressursar enn i dag.

## Ergoterapi

0,6 stilling kommuneergoterapeut.

Arbeidsoppgåver: Brukararbeid: Kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening. Stimulera til eigenaktivitet. Tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rådgeving ved bustadendring, vurdering av tekniske hjelpemiddel (hj.m.), ergonomiske tiltak m.m. Medlem av tverrfagleg inntaks- og rehab.team, Demensteam, Råd for menneske med nedsett funksjon

og er ein del av Koordinerande eining. Kontaktperson til Hjelpemiddelsentralen (HMS). Samarbeider med HMS i kompliserte brukarsaker, med interkommunal Synspedagogisk. teneste m.fl.. Er med i interkommunalt nettverk for ergoterapeutar.

Ressursutnytting/måloppnåing (tala i parentes gjeld for 2011): Tilvisingar: 92 (86), fordelt ca slik: Frå lokalt helsepers. 32 (32), frå 2./3.line tenesta 6 (8), frå brukarar 36 (31), frå pårørande 18 (15). 12 tilvisingar overførte til 2013. I tillegg enkelte oppdrag for BHT.

Ergoterapeuten har vore på 98 (105) heimebesøk, samt annan brukarkontakt 29 (20). Møte/andre saker som er ordna på tlf./brev ca 64 (85). Har sendt 37 (55) søknader og 29 (49) rekvisisjonar om hj.m. til HMS. (I tillegg kjem hj.m. bestilt av andre i kommunen, samt 2. og 3. linetenesta). Min. 30 (40) service-rapportar til HMS på reparasjon av hj.m. Korttidsutlån og forskottering av hj.m. frå kommunalt lager på Tysnes Industri til minst 50 (75) personar.

I 2012 utlevert 612 (514) hj.m. frå HMS til 90 (93) brukarar, til ein samla verdi av 2 423 859 (1 579 629) kr. 310 hj.m. i retur. Her er 433 (443) aktive hj.m. brukarar, 27 er nye. Ein del komplekse brukarsaker. Med kronikarar er det stadig noko på gang. Ergoterapeut koordinator i ei omfattande brukarsak. Kan vera ventetid på fleire mnd., akutte saker må takast på utsida av ventelista. Effektiv service og tenester frå Tysnes Industri (mottaksstad for hj.m. frå HMS, lagerhald, køyring, montering, reparasjon m.m.) gjev betre flyt i ergoterapitenesta.

Tilrettelegging, trening og tilpassing av hj.m. i brukar sin heim og nærmiljø, er økonomisk gunstege tiltak som kan bidra effektivt til betre funksjon og livskvalitet og at brukaren kan klara seg lengst mogleg i eigen heim, på ein verdig måte.

### **2.3.4. Sosialavdelinga**

#### **Sosial – og barneverntenesta**

**NAV sosialteneste** er bemanna med eit årsverk frå kommunen si side.

På grunn av omsorgspermisjonar har det vore tilsett vikar i store deler av året. Vikar har jobba 100 % i Nav, i motsetning til førre år. Dette har vore med på å gje stabile tenester etter lov om sosiale tenester. Nav har også hatt inne ruskonsulent som er løna over prosjektmidlar. Ruskonsulent har sikra førebyggjande tenester til ungdom, samt vore med på å følgje opp rusavhengige/tidlegare rusavhengige i behandlingsforløp. Desse midlane fell bort i april 2013. Oppgåvene skal då ivaretakast av Nav kontoret.

Det har vore tilsett burettleiar på prosjektmidlar, med mål om å ferdigstilla Bustadpolitisk handlingsplan. Denne skal verta ferdigstilt i løpet av første kvartal av 2013. Etter dette vert stillinga avslutta.

NAV sosialteneste har størstedelen av året hatt 4 deltakarar i det kommunale Kvalifiseringsprogrammet. Målet med dette programmet er å avklara om personane skal gå til arbeid eller trygd. NAV sosialteneste har lukkast med å få fleire personar over frå passive ytingar over på aktive ytingar. Sosialhjelpsbudsjettet for 2012 vart halde. NAV sosialteneste har inneverande år opplevd ein auke i økonomisk rådgjeving. Dette er tidkrevjande saker, og krev forholdsvis mykje ressursar.

#### **Barneverntenesta**

**Barneverntenesta** har i 2012 hatt 3 årsverk. Regjeringa si satsing på barnevernet medførte at Tysnes fekk styrka sin stab med ei ny 100% stilling frå 2012. Grunna omsorgspermisjon/ oppseiingar og rekrutteringsvanskar, har det vore vakansar i tenesta, 160 % frå ultimo januar til vikar vart tilsett i 100 % stilling 01.06.2012, og 60 % vakanse til ca 15. august 2012. Frå det tidspunkt har 2,8 årsverk av tenesta vore besatt.

Det har kome 34 nye uromeldingar i 2012, gjeldande 28 barn. I løpet av året vart det iverksett 117 tiltak for 26 barn. I tillegg har tenesta omfattande oppfølging i saker som går over mange år; barn som barnevernet har omsorga for, og barn som har omfattande hjelpetiltak, ofte til fylte 18 år, samt ettervernstiltak til fylte 23 år. Barneverntenesta står meir på eigene bein med tre tilsette, og det vil vera naturleg at tenesta etter kvart vert skild ut frå Nav sine lokalar.

I likskap med andre små Barneverntenester, rår ikkje Tysnes barnevernteneste over personell som kan setjast inn som tiltak der det er behov. Mykje arbeid går derfor med til å "leita opp" personar som kan påta seg tilfeldige/mellombelse oppdrag. Barneverntenesta jobber med ei utreiing på behov/økonomi i fht ein tiltaksarbeidar. Viss ein greidde finansiering av ein slik stilling innafor tenesta, ville det kunne letta presset på oppfølgingsarbeidet.

### **2.3.5. Pleie-og omsorgsavdelinga**

#### **Tysnes sjukeheim**

- Nye stolar til møterom, 1 ny pasientseng, ny O2 konsentrator
- Diverse hjelpemidlar og medisinsk utstyr

#### Kompetanse

- Eldreomsorgens ABC, utviklingsprogram gjennom sjølvstudium og Fagseminar, 14 deltakarar, avslutta nyår i år.
- Framhald, nye grupper Eldreomsorgens ABC, 16 deltakarar
  - Avdelingsleiar, miljøeining deltatt i nettverk, demens, og kommunalt demensteam.
  - Kurs i turnusplanlegging og lovverk, 4 dagar, 2 leiarar.
  - Kurs, sårbehandling, Hudavdelinga, Haukeland, 2 deltakarar.
  - 1 sjukepleiar delteke på tverrfagleg vidareutdanning i Psykisk helsearbeid, ferdig våren 2012. Gått over i stilling som psykiatrisk sjukepleiar.
  - Framhald, prosjekt "Etisk kompetanseheving" 1 seminar for prosjektgruppe, 1 internkurs for heile helse- og sosialavdelinga. Etisk refleksjon i einingane.
  - Prosjekt MEDCED i regi av Senter for omsorgsforskning Vest. Kunnskap som avgrensar bruk av tvang i arbeid med demente pasientar.
  - Midlane til opplæring og kompetanseheving er så små at me har ikkje sett oss i stand til å oppnå måla våre innan dette viktige feltet.

#### **Rekruttering fagpersonell**

Tilgangen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore bra dette året. Dei fleste fagstillingane er tilsett personell i, men ein del fødsels- og omsorgspermisjonar gjer at det framleis er naudsynt med bruk av vikarbyrå.

Me har nytta vikarbyrå gjennom heile året. I ferietida hadde me til saman 6 vikarar med sjukepleiefagleg/helsefagleg kompetanse. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden er høgare, ser me at me oppnår gode, fleksible løysingar som betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane.

Store stillingsstorleikar (75 % og over) rekrutterer bra. Samstundes opplever me at me slit med å rekruttere i dei små stillingsdelene og helgeavløysarstillingane, samt i vikariat.

Rekruttering av kokekyndig personell er eit anna sårbart område. Me har tilsett intern søkjar utan fagbrev i kjøkkensjefstillinga, med plan for at ho avlegg fagprøve i løpet av 2013.

Å produsere varm mat kvar dag etter kok- server metoden gjer institusjonen og dei heimebuande som mottek varm mat sårbare m.o.t. fråver ol. Ein kombinasjon av kok- kjøll metode ville ha sikra betre forsyning t.d. i helgane.

Legedekninga er god og stabil. Tilgangen til fysioterapi har vore varierende gjennom året. Stor kvalitetsauke etter fast person i 100% fysioterapistilling siste del.

Lærling i helsearbeidarfaget avslutta august 2012, har ikkje hatt lærling siste halvåret.

TAF-elev frå Fusa vgs byrja praksis v/institusjonen frå september 2012, eit 4-årig opplegg.

Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg som det kritiske punkt i drifta vår. God organisering gjennom samla fagmiljø, god leing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møte utfordringane.

## **Arbeidsmiljø**

- Sjukefråværet gjennom året var 7,93 %, det er godt under gjennomsnitt for sektoren.
- Fersk rapport frå BHT syner at arbeidstakarane trivest godt, trass i travle arbeidsdagar.
- Mange medarbeidarar saknar tettare oppfølging og tilbakemelding frå leiarane. Med ein arbeidstokk på 70 fast tilsette, og mange vikarar er dette ei stor utfordring med den leiar-tettleiken me har i dag.

## **Kvalitet**

- Me har sett ei tydeleg endring i krav til rask omstilling i høve til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Samhandlingsreforma utfordrar oss på å kunne tilby adekvate tenester på kort varsel. Dette har me greidd gjennom m.a. å sørgje for at me har ledige plassar å tilby før utskrivning til heimen.
- Tilbakemeldingar frå brukarane er gode.
- Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering og nyttar korttidsplassane til å trenar opp brukarane til å klara seg heime lengst mogeleg. Me hatt nesten fullt belegg gjennom heile året, men likevel ikkje ventelister for dei som har behov for det.



## **Økonomi**

Rekneskapan syner at sjukeheimen har overforbruk dette året og. Noko kan skuldast bruk av vikarbyrå, men utan denne bruken, ville me nok sett større forbruk på postane ferievikar, fast løn, overtid og ekstrahjelp. Utstrekt bruk av korttidsopphald gjev også litt lågare inntekter på eigenbetaling.

## **Inneklima**

Bygget er som før påpeikt i dårleg stand, og prega av slitasje. Dette verkar inn på både arbeidsmiljø, tenestekvalitet og trivsel for alle partar. Me ser difor fram til at byggeprosjektet startar opp snarast, i samsvar med vedtak.

## **Generelt**

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlighet, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Sjukeheimen skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det ”holde hardt” innafor dei ressursane me har til rådvelde.

## **Open omsorg**

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlighet, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Sjukeheimen skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det ”holde hardt” innafor dei ressursane me har til rådvelde.

## **Økonomi**

Personellressursar i open omsorg er samla, både heimehjelp og heimesjukepleie, og alle tilsette arbeider på tvers av tidlegare områdegrenser. Ein har stort sett greidd å halde seg innafor budsjetterte rammer innafor dette tenesteområde samla sett.

## **Kompetanse**

1 sjukepleiar vidareutdanning i psykisk helsearbeid, deltid 2 år, 60 studiepoeng, avslutta sommaren 2012.

1 sjukepleiar vidareutdanning kommunehelseteneste, deltid 2 år 60 studiepoeng, oppstart hausten 2012.

2 omsorgsarbeidar/hjelpepleiar deltek på eldreomsorgens ABC.

Deltaking etisk kompetanseheving, avdelingsleiar og 1 omsorgsarbeidar.

1 ordinær lærling avslutta i august og 1 ny starta opp f.o.m. oktober 2012.

## **Rekruttering**

Fagstillingane i open omsorg er tilsett personell i. Det er mest utfordrande å rekruttere i småstillingar, t.d. helg og vikariat. Vanskelig å rekruttere sjukepleiar i 50 % stilling. Det har vore nytta personell frå vikarbyrå delar av året, i vikariat og ved ferieavvikling.

### **Arbeidsmiljø**

Tilbakemeldingane er eit godt arbeidsmiljø innafor open omsorg. Arbeidsmiljøundersøkelsen v/ bht, viser at det til tider er mykje å gjere, og at dette kan føre til sjukefråver. Ein har dagleg faste treff- og møtepunkt på base/kontor, og faste møter kvar tysdag.

### **Sjukefråvær gjennom året:**

Heimesjukepleie: 7,35 %.

Heimehjelp: 6,11 %

Totalt brukarar pr. 31.12.12:

Heimehjelp: 96

Heimesjukepleie: 110

Miljøteneste: 12

BPA: 1

Omsorgsløn: 6

Tryggleiksalarmar: 61

Trygde- og omsorgsbustader:

Trygdebustader: 12

Omsorgsbustader: 32

Bustader psykisk utviklingshemma: 11

Ein kunne med fordel hatt fleire tilrettelagde bustader å tilby, særleg nær omsorgsbasen i Uggdal.

### **Haugen bufellesskap**

Me har hatt ca. 12 årsverk fordelt på 28 personar.

Det bur 5 tenestemottakarar i bustaden, to av desse har 1:1 oppfølging, tre er definert som ekstra ressurskrevjande. Me har og oppfølging av ein tenestemottakar som bur i omsorgsbustad, utanfor bufellesskap.

Me har ei stort sett ei stabil personalgruppe. Ein del nærmar seg pensjonsalder, og har difor den 6. ferieveka og seniortiltak. Med desse følger det og ein del fråvær i form av slitasje, og me har ein del småbarnsforeldre som har ein del dagar heime med sjuke barn. Fråværet i 2012 ligg på 8,25 %.

Me har ikkje hatt ferietur til syden dette året, men 3 av tenestemottakarane var på leir på Halsnøy i juli.

### **Vågsmarka bufellesskap**

Bustader pu Vågsmarka har ansvar for 6 bebuarar i bustad. Det er to ekstra ressurskrevjande brukarar.

- Ein av dei har 1:1 bemanning 24 t/døgeret.
- Ein har, fram til 1. juni 1:1 bemanning på dag/kveldstid samt 1/5 nattevakt, etter 4. juni 2012 har han 2:1 bemanning på dag/ kveldstid, nattevakt uendra.

Brukarane har vortne eldre, og hjelpeomfanget har auka. I ein periode våren 2012 var det stor belastning i ifht brukarar med utagering.

Me var med på det systemiske tilsynet frå fylkesmannen, der me fekk avvik som vart følgt opp innan den oppsette fristen.

#### Tilsette

Bustader pu Vågsmarka: ca 13 årsverk, fordelt på 24 personar. Personalet i bustaden har vore relativt stabilt. 2012 har vore eit utfordrande år i høve fleire store vakante stillingar, langvarige permisjonar og eit sjukefråvær på 18,06 %.

Det er relativt mange i øvre aldersskikt, og derav mykje slitasjeplager (t.d. sjukemelding på behandlingsdagar hos fysio). Det er ein del tilsette med kroniske plager der kommunen har fritak frå arbeidsgjevarperiode. Fleire tilsette i store stillingar har vore langtidssjukemelde store delar av 2012. Tilsette med små born gjer seg også utslag i fråvær.

Det er ei utfordring å rekruttere fagpersonale, me håper å greie å rekruttere fagfolk i vakante stillingar.

1. februar 2012 vart det leiarskifte, kommunen var heldig å kunne rekruttere ny avdelingsleiar som overtok leiinga av bufellesskapet m/overlapping.

#### Økonomi

Det er meirforbruk utover budsjetterte rammer.

Det vert teke inn vikar ved sjukefråvær, noko som utgjør årsak til meirkostnad. Me har veldig lite å gå på på innsparingar ved fråvær. Ein må til tider også omrokkere for å oppretthalde for-svarlege vakter, ein må då betale for forskjøvne vakter.

Me har ikkje tilstrekkeleg med vikarar, og det er heller ikkje lett å rekruttera nye. Dette gjer utslag i bruk av mykje overtid for å få dagane til å gå rundt på ein forsvarleg måte.

#### Dagsenteret pu

Dagsenteret har også dette året hatt aktivitet fordelt på vedsentralen på Myklestad, MA-KA kafe og dagsenteret.

Personalsituasjonen:

- Totalt 3,18 stillingar. Dette året gjekk ei av våre av med pensjon. Deler av denne stillinga vart delt på to av våre tilsette som fekk auka sine stillingsprosentar.
- Leiar var tilbake i 60 % frå januar og 100% frå april.
- Ein arbeidstakar i 100% sjukemelding frå 13.januar og ut året. Me er få, så dette har sjølv-sagt ført til utfordringar i høve til vikarar.

- Elles hadde me ei på arbeidstrening via NAV fram til sommarferien og tok imot ein ny arbeidstakar frå NAV frå november. Dette har me berre positive røynsler med.

Tenestemottakarar: 11 personar har nytta seg av tilbudet om dagsenterplass. Alle som har søkt om plass har fått tilbod om det.

Miljø: Me har stort fokus på arbeidsmiljøet. Dette året har me hatt ein del utfordringar som me har prøvd å løyse etter beste evne. Me har hatt 7 personal/kafemøter.

Økonomi: Økonomien har vore tilfredsstillande. Me har også dette året gått med overskot, sjølv om kafeleiga har auka monaleg.

Fokus framover: Dette at ei av stillingane vart fordelt på andre, har ført til at me har «mista hender». Fokuset vårt er heile tida retta mot brukarane og at dei skal få eit best mulig tilbod ut frå personalsituasjonen, lokalitetane og dei økonomiske rammene me har.

## **Psykisk helsevern**

### **Psykisk helseteneste**

- Psykisk helseteneste for vaksne (over 18 år): 100 % + 50 % stilling som psykisk helsearbeidar (psykiatriske sjukepleiarar).
- Psykisk helseteneste for barn og unge(under 18 år): 100 % stilling som psykisk helsearbeidar for barn og unge( barnevernspedagog med vidareutdanning i psykisk helse).
- For tida er den fast tilsette i psykisk helseteneste for vaksne i 100 % permisjon, vikar i stillinga fullførte vidareutdanning i psykisk helsearbeid våren 2012 ved HSH - Stord.
- Tysnes kommune fekk tilskot til «Tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid for høgskuleutdanna personell» - Statsbudsjettet 2012 kap 764 post 60.”
- Fast tilsett psykisk helsearbeidar for barn og unge, er også i 100 % permisjon, vikaren i denne stillinga er fysioterapeut.
- Assistent i 12 % stilling, knytt til Våge aktivitetssenter 1 dag for veka.
- Engasjement i ca. 17 timar for veka retta mot ein brukar med spesielle behov.
- 5 vaksne brukarar har hatt støttekontakt, tildelt over budsjett for psykisk helseteneste.
- Leiar for psykisk helseteneste, 100 % stilling, har nytta 20 % av stillinga i prosjektarbeidet ”Ytre Sunnhordland Samhandlingsteam” YSS, eit samhandlingsprosjekt mellom kommune Stord, Fitjar, Bømlo og Tysnes, samt Stord DPS. Prosjektet vert støtte av Helsedirektoratet med 1 mill kvart år i 3 -5 år. Teamet jobbar aktivt oppsøkjande mot ei pasientgruppe som har store rus/psykiatrivanskar. YSS har i 2012 hatt direkte oppfølging av fem pasientar, i tillegg ein god del indirekte oppfølging av brukarar i form av råd/konsultasjon i Tysnes kommune.
- Aktivitetssenteret for psykiatriske brukarar har vore ope to dagar for veka heile året. Det vert leigd lokale i Våge sentrum..
- Sorggruppe for barn og unge som har mista ein dei er glad i”. Samarbeidsprosjekt mellom psykisk helseteneste og Den norske kyrkje. Sorggruppa nytta lokala til aktivitetssenteret i Våge, gruppa tar pause medan fast tilsett psykisk helsearbeidar for barn og unge er i permisjon.

- Natteravnane” som Frivillighetssentralen Kontakten organiserer, nyttar og lokala til Aktivitetssenteret i Våge.
- TEBU – gruppa har hatt 2 møter i 2012.
- BU – gruppa (krisegruppa for barn og unge) har hatt 1 møte i 2012.
- Krisegruppa ved livskriser har vore samla og hatt oppfølging ein gong i 2012.
- Liten aktivitet i brukarorganisasjonane i Sunnhordland i 2012. LEVE – Helse Fonna vart avslutta i 2011, og pårørende etter sjølv-mord kan no knytta seg opp mot LEVE Hordaland.
- Ambulerande team ved Stord DPS (psykiater og to psykisk helsearbeidarar), kom til Tysnes for rettleiing og pasientkonsultasjonar ca kvar 6. veke i 2012.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge har fått rettleiing i gruppe frå Åse Renolen, høgskulelektor m/ vidareutdanning i rettleiing. Den andre i gruppa har vore sosiallærer frå Tysnes skule.

#### Ressursutnytting:

I psykisk helseteneste er det tilsett 2.6 årsverk fast. I tillegg kjem engasjement retta mot ein ressurskrevjande brukar tilsvarande ca.kr 125 000,-. Til tiltak som støttekontakt for psykiatriske brukarar har det vore nytta ca. kr 140 000,-.

Psykisk helseteneste har hatt oppfølging av til saman 75 brukarar, av desse er ca 38 barn og unge under 18 år.

## 2.4 Landbruk- og teknisk etat

Året 2012 har igjen vore eit utfordrande år for etaten. I 2011 valde avdelingsleiar for prosjekt og drift og leiar for byggjesaksavdelinga å gå av med pensjon. Til sommaren 2012 valde jordbrukssjef å gå av med pensjon.

Ny avdelingsleiar for prosjekt og drift er ikkje tilsett. Frå 1.mai 2012 vart ny einingsleiar for plan- og byggjesak tilsett, denne også med funksjon som nestleiar på etaten. Plan- og byggjesak har to tilsette, det har og kart og oppmålingsavdelinga. I desember slutta medarbeidar på forkontoret L/T. Ny medarbeidar vart tilsett og byrja her i november. Som i 2011 så har tenesteproduksjonen også i 2012 vore god sjølv om me har mangla sakshandsamarkapasitet på byggesak. I tillegg til rekruttering og manglande kapasitet er det ei stor utfordring for etaten at fagmiljøet er relativt lite. Etaten er svært sårbar dersom sakshandsamarar av ulike grunnar ikkje er tilgjengelege.

### Organisasjon

Frå 01.01.12 har etaten vore organisert med landbruk og teknisk sjef som leiar for 5 fagområde: Jordbruk, - skogbruk og vilt, - brann og byggjesak, - kart og oppmåling, og - kommunalteknisk drift, bygg og eigedom. Organisasjonen på etaten vart frå 01.09.12 endra og delt mellom drift/vedlikehald og forvaltning/plan/byggesak, kart/oppmåling/landbruk. Kommunalteknisk drift og vedlikehald vart lagt direkte til rådmann. Tidlegare teknisk sjef vart tilsett i ny stilling som prosjektsjef. Avdelingsleiar plan byggesak vart konstituert som teknisk sjef med ansvarsområde for forvaltning/plan/byggesak, kart/oppmåling/landbruk. Ved årsskifte 2012/13 var det ingen endringar i talet på tilsette ved drift og vedlikehald. Det har vore jobba

med å få på plass eit interkommunalt landbrukssamarbeid med Fusa, Samnanger og Os. Landbrukssamarbeid vart etablert mellom kommunane Fusa, Samnanger og Os i 2004. Tysnes vart ein del av dette samarbeidet frå i sommar av. Som følgje av samarbeidet har Tysnes no ingen stillingar på landbruk. Landbrukskontoret Fusa, Os, Samnanger og Tysnes hadde ved årets slutt 5 heile stillingar.

### **Økonomisk resultat**

Dette går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av rådmannen. Sjå elles omtale under handlingsplan.

### **Kommunen har vedteke egne planar for:**

- Hovudplan for skogsvegar 1999.
- Landbruksplan 2004
- Oversiktsplan for skogbruket.
- Hovudplan for vassforsyning 2000 – 2004
- Risiko- og sårbarheitsplan
- Hovudplan for avløp 2000 – 2005
- Avfallsplan for SIM 2000 - 2003
- Trafikkrafikksikringsplan 2001 – 2004
- Kystsoneplan
- Kommuneplan sin arealdel

Eit oppdatert planverk er eit godt fundament for målstyrt bruk av kommunen sine samla ressursar. Det er då viktig at det er felles forståing av planverket politisk og administrativt og at intensjonane i planverka vert følgt.

### **Kommunalteknisk drift**

#### **Rapport handlingsprogram/økonomiplan**

**Kaier:** Utviding av rutebåtkaien i Våge blei ferdigstilt i 2012. Tiltaket er ein konsekvens av auka bredde på den nye ferjelemmen. Tømmerkai Elsakervågen fekk dessverre ikkje si endelige løysing, men arbeidet pågår med omsyn til eventuelt samarbeid med Vest skog eller om lokale eigarinteresser skal overta. Tilstanden for kommune-/tømmerkaien på Flatråker har ei negativ utvilking og må snarast vurderast i ein større samanheng når det gjeld kva kaier kommunen skal eiga. Det blei bygd ny rutebåtkai på Malkenes somaren 2012 etter som leigeavtalen med dåverande kaieigar gjekk ut ved årskiftet 2011/12.

**Barnehage:** Våren 2012 gjorde kommunestyret vedtak om ny barnehagestruktur. Det blei samtidig vedtatt å leggja ned Lunde skule og å byggja denne om til barnehage. Vidare blei det gjort vedtak om å etablere ein mellombels modulbarnhage på Reiso/Uggdal. Begge desse utbyggingane blei gjennomført etter planen i 2012. Noko mindre arbeid på uteområdet, blant anna parkeringsområde i Lunde, blei ikkje ferdigstilt og vil bli utført våren 2013.

**Nytt omsorgssenter:** Politikerane har med rette etterspurt oppstart av prosjektet med nytt omsorgssenter slik kommunestyret gjorde vedtak om i 2010. For å få prosjektet i gang blei det hausten 2012 gjort ei organsiastorisk endring for å frigjera resurser som skal ha fokus på på

prosjektgjennomføring. Arbeidet med planlegging starta dermed så vidt opp i 2012 og vil med dei rette vedtak skyta fart inn i 2013.

**Skule:** I vedtatt økonomiplan blei det avsett midlar til oppstart planarbeid med rehabilitering/utviding av Tysnes skule. Dette arbeidet vil først starta opp i 2013.

### **Diverse prosjekt Enøk, klima og energiplan, Miljøfyrtårn**

Kommunen har sett seg store mål innan desse områda, som må arbeidast inn i kommunen sine driftsoppgåver og investeringstiltak. Ved årskiftet 2011/12 trådde det i kraft ny forskrift om energikrav i større bygg. Bygg må utformast og energiforsynast etter nye normer og drifta må visa at me ikkje bruker meir energi enn nødvendig og at energibruken vert klimanøytral så langt råd er.

**Mål:** Nye kommunale bygg må tilførast energi via alternative energisparande løysingar.

### **Kommunale bygg**

#### **Felles internkontrolltiltak alle bygg**

Innan brannsikring er det gjennomført årleg service inkludert internkontroll. Me har avtale med Anticimex om årleg tilsyn og bekjemping av skadedyr. SKL marked har gjennomført tilsyn på nokre av bygga, utan at vesentlege manglar på det elektriske anlegget vart påvist. Tysnes kommune har inngått avtale med Bergen brannvesen for Alarm-overføring frå brannsentralen direkte til 110. Avtalen gjeld alle kommunale bygg. I løpet 2012 har me tilknytt alle omsorgs- og trygdebustader og bufellesskap i Våge og Uggdal. Målet for 2013 er å få tilknytt skular og barnehagar i løpet av 2013.

Ny barnehage på Reiso og ombygging av Lunde skule til barnehage har krevd mykje tid og arbeid frå drift og vedlikehald. Bygga Lunde barnehage og Myklestad er klar til eventuelt sal.

Drift- og vedlikehaldstiltak på kommunale bygg er i hovudsak utført etter planane for 2012.

### **Grovt oversyn over gjennomførte driftsfinansierte tiltak i bygga i 2011**

#### **Skulebygg:**

**Lunde skule** Har blitt bygd om til barnehage. Det står igjen noko arbeid med leikeplass og parkeringsområde.

**Uggdal skule** Har fått oppgradert leikeområde med nytt leikeutstyr og asfalt. Gjerde rundt skuleområde er nytt. Uggdal Skule har teke i bruk underetasjen(tidigare barnehage)til SFO.

**Tysnes skule** Vanlege drifts-og vedlikehaldsoppgåver er utført etter behov.

**Onarheim skule** Her har det vore oppfølgingsarbeid etter ombygging av skulen. Leikeområdet er oppgradert. Vanleg drifts-og vedlikehaldsoppgåver er utført etter behov.

#### **Barnehagebygg:**

**Vågsmarka barnehage** Bygget blei måla i 2012. Uteområde blei rydda for busk og tre samt ei oppgradering av gjerde og porter rundt barnehagen.

**Myklestad barnehage:** Her er det berre gjennomført nødvendig vedlikehald med tanke på flytting av barnehagen.

**Lunde barnehage:** Også her er det berre gjennomførte nødvendig vedlikehald med tanke på flytting av barnehagen.

**Onarheim Barnehage:** Vanlege drifts- og vedlikehaldsoppgåver er gjennomført.

**Sjukeheimen** Det er skifta ei av naudutgangsdørne i tillegg til utbygging av ein del PCB-haldig lysarmaturar. Sweco AS har på oppdrag utarbeida ein revidert brannanalyse der det er føreslege ein del tiltak som vil bli gjennomført i 2013. Elles er vanlege drifts- og vedlikehaldsoppgåver gjennomført.

**Omsorgs- / trygdebustader:** Me har **44** slike bustader. **12** trygdebustader Våge , Uggdal og Nymark, **21** omsorgsbustader i Våge, Peralio, Uggdal og Nymark, **6** omsorgsbustader på loft Hovland bu- og omsorgssenter og **5** omsorgsbustader på loft Tysnes sjukeheim.

I 2012 er trygdebustader på Hovland delvis malt ferdig utvendig og 1 husvære er pussa opp innvendig. Trygdebustader i Uggdal er 1 husvære pussa opp innvendig. Omsorgsbustader i Våge 1 husvære pussa opp innvendig. 1 husvære i Peralio omsorgsbustader er pussa opp innvendig.

**Bufellesskap-Uggdal:** Felles terrasse utbetra, og bygget er ferdig malt.

**Bufellesskap Våge:** Felles uterom er oppgradert med belegningsstein. 1 husvære er pussa opp.

**Gjennomgangsbustad:** Me har eitt hus med 2 husvære. Vanleg drift og vedlikehald er utført her.

**Personalbustader:** Me har 2 hus med samla 3 husvære. Prestebustad med hybel som legekontoret disponerer og legebustad i Våge, der kjellar er lager for vaktmeistertenesta. Planlagt utbetring av prestebustaden rakk me ikkje i 2012.

**Tinghuset:** Vanleg drift og vedlikehald er utført i 2012.

**Rådhuset:** Vanleg drift og vedlikehald er utført i 2012.

**Hovland Bu og omsorgssenter:** Bygget er måla og det er skifta ny inngangsdør. Elles vanleg drift og vedlikehald.

### **Renovasjon, slamtøming, avløp og vassforsyning**

Hovudplanane for desse områda er ikkje er revidert sidan dei vart laga og er såleis forelda. Det er heller ikkje etablert plan for "Avløp frå separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø og miljømål ferskvassressursane."



## **Mål**

Kloakk Eidet – Rådhuset skal etablerast parallelt med ny gangveg i området. Utviding slamavskiljar Lunde sentrum som følgje av bustadfelt Kattaland må gjennomførast. Hovudplanane skal reviderast i 2013.

## **Andre avløpstiltak og kloakkanlegg**

Det er fleire lokale område der ureiningssituasjonen er lite akseptabel. Problema må kartleggast og tiltak iverksetjast. Tidlegare pålegg må følgjast opp og slutførast. Overvatn i kloakkanlegget blir meir og meir eit problem som må løysast.

## **Vassforsyning**

Det er ikkje kommunal vassforsyning i Tysnes. Plan for Etablering av Reservevassforsyning og beredskap i hht hovudplan vassforsyning er ikkje fylgt opp. Det har vore kontakt med tre av vasslaga om eit samarbeid. Det er no etablert eit eige driftsselskap. Driftsselskapet og kommunen bør inngå samarbeid om beredskap og ny hovudplan for vassforsyninga i Tysnes kommune bør utarbeidast.

## **Kommunale vegar, kaiar og bruer**

Me har ca 62 km kommuneveg, 11 definerte bruer, og 9 større kaiar. Brøyting og strøying er sikra dei neste 2 åra gjennom eigne brøyteavtalar.

## **Hovudplan Veg**

Kommunen har hatt planer om å utarbeida ein eigen vegplan. Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak og også for å vurdera framtidig organisering av tenesta.

## **Internkontroll og tilstandsrapport bruer og kaiar**

Me leiger hjelp frå SafeControll til å gjennomføra årlege lovpålagde tilsyn med bruer og kaiar. Siste rapport viser som i fjor ei negativ utvikling for kai Flatråker. Elsakervågen kai er stengd, Amlandstø kai er òg stengd og betongkaiar bør fjernast. Grunnasundet bru ( til Skorpo) må utbetrast. Elles er det foreslått tiltak i rapporten som ikkje er prekære tiltak og som vil bli vurdert fortløpande.

## **Sikring/forsterking av kommunevegar**

Sikring og forsterking må klargjerast i hovudplan vegar og i ROS planlegginga i kommunen. Det er eit viktig næringspolitisk tiltak å få same bereevne på kommunevegane som på riks- og fylkesvegane.

## **Kommunevegar Asfaltering og vedlikehald**

Vegar i Vågsmarka 5 bustadfelt blei asfaltert i 2012. Det blei også asfaltert rundt hurtigbåtkaiar på Malkenes. Vidare blei vegen til Landrøyo og nokre felt i vegen til Solheimsdalen asfaltert i 2012.

## **Trafikksikringstiltak/Trafikksikringsplanen**

**Gangveg Uggdal** - Statens vegvesen har starta planlegging for gjennomføring av ny gangveg frå Uggdalseidet til rådhuset. Forventa oppstart 2013.

**Bustadfelt Vågsmarka 5:** Det blir vurdert fartsreducerande tiltak i feltet.

**Aksjon skuleveg tiltak** - Ikkje finansiert tiltak i 2012.

**Mål:** Gjennomføra gangvegtiltaka og trafikksikringstiltaka. Trafikksikringsplanen bør reviderast.

## **Gravplasser**

Kommunen yter teneste til kyrkjeverja vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva.

## **Prosjekt**

**Utviding av Våge kai** er gjennomført i 2012.

**Skianlegg Løkjen** blei i hovudsak ferdigstilt i 2012.

**Rutebåtkai Malkenes** blei ferdigstilt og tatt i bruk.

**Lunde skule** blei ombygd til ny barnehage og tatt i bruk slik kommunestyret har vedteke.

**Ny modulbarnehage** blei etablert på Reiso, og Uggdal skule saman med barnehagen fekk nytt opparbeida uteområde.

**Mål :** Nytt omsorgssenter må finna si endelege form og praktisk gjennomføring av prosjektet må vera i gang i 2013.

## **Landbruk**

Fusa, Os og Samnanger har hatt felles landbrukskontor sidan 2004, og i august 2012 blei Tysnes ein del av dette felleskapet. Kontoret på Tysnes hadde då vore ubemanna ein periode, og det var stort behov for tenestene våre. Me inviterte til informasjonskveld der me møtte mange bønder og fekk god omtale i Tysnesbladet, noko som medverka til at me blei fort kjent. Me innførte to kontordagar i veka i Tysnes, og dette ser ut til å fungere godt. Me greidde ikkje å få full oversikt på eit knapt halvår, men me har registrert stor aktivitet. Det har også vore mykje arbeid med etterslep av saker, særleg gjeld dette søknader om bygging av landbruksvegar.

Me vart godt mottatt i Tysnes kommune og har fått god hjelp av kollegaer i etaten til å kome inn i system og miljø.

Me har tre utviklingsmål:

- 1) Landbrukskontoret skal utvikle arbeidsmiljøet og fagkompetansen
- 2) Me skal synleggjere landbruket sitt kulturlandskap og verdiane knytt til dette i vid forstand.
- 3) Me skal vere aktiv medspelar i samband med næringsutvikling i landbruket.

## **Jordbruk**

88 føretak søkte produksjonstilskot (pr. august 2012), og av desse søkte 45 regionalt miljøtilskot (RMP). Det er 13 føretak som driv mjølkeproduksjon, ein nedgang på 2 (15 i 2011). I tillegg har 16 bruk ammekyr og 59 har sau.

Det kom inn 6 søknader om SMIL-tilskot og alle fekk tildelt midlar - 3 søknader om tilskot til beiterydding, 2 til turstiar/parkering og 1 til restaurering av andre kulturminne. I tillegg vart det søkt om nydyrking på 4 bruk, og 1 bruk fekk godkjent stønad til bruksutbygging. Bruket fekk tilskot og lån frå Innovasjon Norge til utviding av fjøs med mjølkeproduksjon. To bruk fekk ferdiggodkjenning på si bruksutbygging, det eine var utviding av fjøs til mjølkeproduksjon og det andre nybygg sauefjøs.

## **Skogbruk**

### **Skog og utmark:**

Det vart hogd 4914 m<sup>3</sup> granskog og 230 m<sup>3</sup> furu i Tysnes i 2012. Dette er litt høgare tal enn året før (4546 m<sup>3</sup> totalt i 2011). Det vart sett ut 15 000 plantar på 60 dekar skogsmark. Arbeid med nye skogbruksplanar for kommunen er i gang, og kravet om at det må vere tinga planar for 50% av arealet er oppfylt. Det er dermed garanti for statstilskot. Planane vil gje skogeigar god oversikt over skogareal og skogressursar, og landbrukskontoret får godt grunnlagsmateriale for planlegging og rådgjeving. Søknader om skogsvegar låg i kø, og me har brukt mykje tid på å handsame desse. Me har ikkje registrert ferdige skogsvegar, men ein veg fekk godkjent statstilskot i 2012. Det vart tildelt 685 fellingsløyve på hjort i 2012 og 604 vart felt, det vil sei ein fellingsprosent på 88. Dette er ein auke frå året før (669 løyve, 562 dyr - 84% felt). Arbeidet med lokal forvaltningsplan for gås vart ikkje heilt ferdig i 2012.

Det kan leggest til at det i 2012 vart søkt om produksjonstilskot til:

- 12502 daa dyrka mark (all inclusive)
- 200 mjølkekyr
- 53 ammekyr
- 499 andre storfe
- 2322 vinterfôra sauer (både over og under eitt år)

Dersom ein ynskjer ei oversikt over utviklinga i Tysnes, er det samla mykje data i samband med SMIL-strategien:

H:\LANDBRUKSKONTORET\SMIL- OG SKOGSMIDLAR\Lokal strategi 2013-2016\Statistikk

## **Areal- og byggjesaker**

### **Generelt**

Arealdelen til kommuneplanen vart revidert våren 2012. Likevel opplever ein mange søknader om dispensasjonar. Storparten av sakene i 2012 har vore dispensasjonssøknader og klagesaker i LNF-områda. Om lag 70 % av sakene gjeld tiltak frå personar som bur utanfor kommunen. Tiltak vedk. hytter/fritidshus m.m. i strandsona er framleis dominerande.

Dei fleste klagene til dispensasjonssaker og motsegn til reguleringsplanar, kjem frå miljøvern-avdelinga hos fylkesmannen i Hordaland.

I 2012 har ein fått på plass dataprogram/moduler til sakshandsaminga som på sikt vil medføre effektivisering og betre sakshandsamingsrutinar.

Ny avdelingsleiar for plan- og byggjesaksavdelinga var på plass frå 1.mai. Grunna struktur- endringar/omorganisering på etaten har avdelingsleiar også blitt tillagt andre oppgåver utover plan- og byggjesaker.

## Saksmengd

Utvikling i saksmengde.

PBL.	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
L/T totalt.	321	347	308	248	429	259	248
Andel delegasjonssaker.	127	129	117	104	217	139	96

Tabellen angjev **berre** saker som er handsama etter plan - og bygningslova og Forureiningsforskrifta. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde. *Inntektsutvikling: Om lag som budsjettet.*

Nedgang i antal handsama saker i 2012 må sjåast i samanheng med at byggjesaksavdelinga hadde redusert kapasitet første halvår.

I desember 2012 var det om lag 200 søknader i kø. Dette omfattar både søknader under handsaming og nye søknader som ikkje er teke opp til realitetshandsaming.

I prosessen kring eigedomsskatteinnføringa vart det konstatert at det er trong for gjennomgang og kontroll av om lag 250 saker der det er tvil om det ligg føre nødvendige byggjeløyve for ulike bygg og anlegg. Desse sakene kjem i tillegg til dei ca. 200 sakene i kø.

## Betalingsregulativ

Betalingsregulativet frå 2002 vart revidert av kommunestyret i sak PS 54/09. Det vart gjort ein vesentleg auke i gebyrsatsane frå 2009 til 2010 for å få dei enkelte gebyra nokolunde i samsvar med kva som reelt blir utført av sakshandsaming.

Kommunestyret har bedt rådmannen om å leggja fram ei sak med ein full gjennomgang av sjølvkostområdet. Dette skulle vore utført i 2012, men av div. årsaker har ein ikkje fått vurdert nærare sjølvkostprinsippet i regulativet. Betalingsregulativet vert å arbeida vidare med i 2013. Kommunestyret vedtok å auka byggjesaksregulativet med 5% for 2013.

## Reguleringsplanar

Det vart vedteke 1 reguleringsplan i 2012, småbåthamn Gjerstad.

Følgjande planar er under arbeid: Hytteplan for Malkenestangen, bustad- og hytteområde i Teiglandsundet (?), naustplan i Humlevik, reguleringsplan for Våge, reguleringsplan Krokjen, plan for Nesthuslia (?), reguleringsplan Alsaker Brygge Sør, reguleringsplan Onarheim sentrum, endring reguleringsplan Flornes, reguleringsplan Laukhamar og reguleringsplan Henningshagen.

## Framtidsperspektiv

Med revidert arealdel til kommuneplanen i 2012 er gjerne forventningane «utanfrå» at det skal bli lettare og gå raskare å få byggjeløyve. Ein er imidlertid avhengig av at søknader/tiltak er i samsvar med planar for å unngå dispensasjonar og lengre sakshandsamingstider. Største utfordring i åra som kjem er å få eit plandokument som kan vera eit meir tilfredsstillande og fornuftig verktøy for handsaming av einskildsaker, som både er i tråd med lokale og sentrale retningslinjer.

## **Kurs**

Byggsaksavdelinga har deltatt på kurs om naturmangfaldloven (Naturvern direktoratet). Ein tilsett har fullført kurs/etterutdanning JUS Planrett ved Uib( JUR640)

## **Mål**

Auka sakshandsamarkapasiteten for å kunna etterkoma lovpålagd sakshandsamingstid. Læra opp og kursa sakshandsamarane inkl. forkontorpersonell i samband med den nye plan- og bygningslova. Revidera betalingsregulativ for plan- og byggjesaker m.m. slik at me er trygg på at sjølvkost ligg til grunn. Forbetra kommunen sine heimesider slik at publikum får relevant informasjon. Avdelinga må utarbeide strategiplan for tilsyn.

## **Brannvern og feiing**

### **Gjeldande brannordning**

Kommunen si brannordning vart godkjent av dsb i skriv av 09.11.98. Denne ordninga føreset at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabrannsjef i deltidstilling og ein brannmeister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingane gjeld og vanleg beredskap og forspenningstid. Ordninga føreset óg feiar i heil stilling. 01.09.11 pensjonerte brannsjef Carl O.Olsen seg. Brannmeister Torfinn Kongsvik blei då konstituert som brannsjef frå same dato (ref saksnr 98/357), for å stette krava til varabrannsjef blei Vidar Lid konstituert som varabrannsjef frå 01.09.11. Jf brev frå dsb av 07.12.11 er søknad om dispensasjon frå kvalifikasjonskrav for brannsjefens stedfortreder innvilga under føresetnad av at vedkomande fullfører nødvendig utdanning innan to år. Pga for liten kapasitet ved Norges brannskule står han no på venteliste med mulig oppstart av nødvendig kurs frå hausten 2013. Frå 01.07.12 er Torfinn Kongsvik tilsett som brannsjef og frå 01.12.12 er Vidar Lid midlertidig tilsett som varabrannsjef. Kommunen har arbeida med samarbeidsformer med nabobrannvesen utan at det er kome noko konkret ut av det på noverande tidspunkt. Brannvesenet må aktivt vera med på utarbeiding og oppdatering av ros-analysen i kommunen, det må utarbeidast ein egen ros-analyse for brannvesenet som vert knytt opp mot ein revidert kommunal ros-analyse. Ein revisjon av brannordninga må gjenspeile denne.

### **Beredskap og dimensjonering**

Beredskapen er dimensjonert på grunnlag av antall risikoobjekt og fastbuande. Det er ikkje teke omsyn til at Tysnes er ein hyttekommune, der folketallet kan verta tre dobbla i ferietid og spesielle helger. Det er vesentleg høgare aktivitet på alle nivå i sommarhalvåret, - ref eks Tysnesfest.

Dette er ei stor utfordring for brannberedskapen ved avvikling av ferie og liknande i same tidsrom. Eit anna moment er lang forspenning og innsatstid ved rekvirering av bistand frå na-

bobrannvesen, store avstander, spreidd busetnad med manglande nærvær av tilstrekkeleg sløkkjevatt og beskjeden kapasitet på leidningsnettet til dei private vassverka.

## **Utdanning/kurs**

Blant menneska er grunnkurs og utrykningskurs prioritert. Det er målet å få minst to stk på kvart av desse kursa i året. Det har vore ei utfordring å få plasser på grunnkurs, men i fjor fekk me to stk igjennom på kvart av kursa.

- To stk fullførte grunnkurs
- To stk fullførte komplett utrykningkjøringskurs.
- To stk tok nettbasert kurs i brannvern.
- Tre stk fullførte oppdateringskurs for utrykningkjøring.

## **Tilsyn i særskilte brannobjekt**

Tilsyn i særskilte brannobjekt starta opp i 2011. Dette området har av ulike årsaker «lege brakk» nokre år i forkant av dette. Arbeidet haldt fram utover i 2012, men ikkje med den styrken ein hadde planlagt. Av ulike årsaker har ikkje feiar komme rundt med feierunden dei seinare år, dette har gjort at brannsjef har delteke på dette arbeidet og det har gått utover tilsyna både i særskilte brannobjekt og bustader.

Når ein evaluerer året ser ein at dette var ei feilprioritering, om ein ser signal på at ein kjem i ein liknande situasjon vil ein vurdere å leige inn arbeidskraft på området tilsyn i bustadhus/feing. Uansett er det eit stort etterslep på tilsyn i bustad som me fortløpande vil vurdere å leige inn arbeidskraft for å dekke inn.

## **Utrykningar og øvelsar**

Utrykningar:

- 2 pipebrannar
- 5 automatiske alarmer
- 1 brann i bustad
- 1 brann i næringsbygg
- 1 bilbrann
- 2 trafikkulukker /uhell
- 2 avstandsmeldinger om brann
- 2 annan assistanse
- 1 båтуhell.

Øvingar:

- 2 hjartestarterøvingar
- 2 farleg-gods øvingar
- 4 varme-røykdykkarøvingar
- 1 trafikk-ulukke øving
- 1 sambandsøving /presentasjon av 110 sentralen.
- 1 objekt-øving.
- 2 kveldar/øvingar i førstehjelp m/Røde kors.

## **Feiartenesta**

Som nemnd under pkt om tilsyn i særskilte brannobjekt har ikkje feiar fått utført planlagt feiing dei seinare åra. Dette har gått utover arbeidet med bla tilsyn i bustad. Som og nemnd tidlegare ser ein at dette har vore ei feilprioritering. Feiar er no i gang med tilsyn i bustad før ny feierunde tek til.

## **Framtidsperspektiv**

### **Beredskap**

På beredskapssida vil me fortsetja å arbeide med kursing, øving og opplæring. Ein vil i løpet av 2013 gå i gang med ein ros-analyse for Tynesnes brann og redning , denne vil vere avgjerande for korleis ei ny brannordning vert . Dette vil igjen vere dimensjonerande for korleis me organiserer og utrustar beredskapen vår. Uavhengig av dette må me byrja arbeidet med planlegging av utskifting av eine brannbilen, denne må likevel harmonere med framtidig beredskap.

### **Førebyggjande**

Her vil me prioritere det brannforebyggjande arbeidet med tilsyn i bustad og særskilte objekt. Viser til plan for det førebyggjande arbeidet 2013.

Ei kort oppsummering av denne er: No når me har fått ein varabrannsjef i 20 % stilling vil det vera med å frigjera noko tid for brannsjef til å utføre tilsyn. Ein føresetnad er at feiar utfører planlagt feiing og ein del bustadtilsyn sjølv. Feiar fører tilsyn i bustad frå januar til februar - feier frå mars til han er ferdig med runden, utfører bustadtilsyn når runden er ferdig til ny runde tek til i mars 2014. Brannsjef går tilsyn i særskilte objekt frå januar til alle er utført, går deretter bustadtilsyn frå april til ut oktober. Sakshandsaming for bustadtilsyn og særskilte objekt vil gå parallelt i ein periode. November og desember er avsett til særskilte objekt. Mannskap vil verta involvert meir i 6 kl prosjekt, brannvernveka og aksjon bustadbrann. Dette arbeidet vil bli evaluert undervegs slik at ein får eit mål på korleis og kor tid ein vil ta inn etterslepet på tilsyn. Ut frå evalueringa vil ein ta ei avgjerd om ein skal leige inn arbeidskraft for å utføre jobben.

## **Mål**

- Min. to stk begynner på grunnkurs
- To stk fullfører utrykningskjøringskurs.
- Gjennomføre nødvendig antall øvingar med god kvalitet.
- Utføre ein ros-analyse for brannvesenet
- Starte arbeidet med ny brannordning.
- Halda fram arbeidet med utskifting av ein brannbil.
- Utføre 100% av tilsyna i særskilte objekt
- Ta inn det meste av etterslepet på bustadtilsyn.
- Utføra dei planlagte feiingane.
- Kursa brannsjef og feiar i bruk av komtek.
- Oppretthalda motivasjonen og den positive innstillinga som er blant mannskapa, - dei gjer ein god jobb!

## **Kart og oppmåling**

## Økonomi

På grunn av stor aktivitet innanfor oppmåling har det også vore budsjettoppnåing i 2012. Det har ikkje vore førehandsfakturering. Inntektene er høgare enn venta. Dette er på grunn av stor tinglysingsaktivitet. Venta inntekt/utgift for tinglysingsgebyr var 150.000,- mens det faktisk har vore 358.066,- i 2012. Tinglysingsgebyr går vidare til Statens kartverk og er ikkje direkte inntekt.

### Utvikling i gebyrinntekter:

	2008	2009	2010	2011	2012
Budsjett	683.400,-	683.400,-	1.242.800,-	1.005.000,-	<b>1.200.000,-</b>
Rekneskap	623.604,-	222.515,-	804.830,-	1.009.344,-	<b>1.525.563,-</b>

## Kart

### Kartlegging

Nye FKB-B data for sør-austre delen av kommunen vart levert i 2012. Det var ikkje kartlegging i 2012. Det blir omløpsfotografering (25 cm oppløysning) over heile kommunen i 2013 i hht. Geovekstavtalen.

### Kommunale kart

Kommunen sitt digitalte planarkiv er tilgjengeleg for publikum. Informasjon og lenker er lagt ut på nettsida til kommunen.

### Kvalitetsheving av matrikkelen

Kommunen jobbar framleis med kvalitetsheving av matrikkelen. Det vart lagt inn manglande grenser til veggrunn av Statanes vegvesen, då dokumentasjon førelåg (målebrev frå Statens vegvesen). Arbeid føregikk hovudsakleg i helgane. Det manglar framleis grenser mot offentlig veggrunn for kommunale vegar, då grensene vart fastlagt i tidelegare kartforretning.

Innkome grensemerknadar i samband med tilbakemeldingar frå gardskartprosessen (AR5) er under arbeid. Dette går delvis ganske tregt, på grunn av manglande dokumentasjon, som er vanskelig å skaffa. Dokumentasjon skal leverast med framsetting av kravet. Noko som ikkje kjem fram av føljeskriv utsend av skog og landskap.

## Oppmåling

### Oppmålingssaker

STATISTIKK OPPMÅLINGSAVDELINGA	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Tinglyste matrikkeleiningar totalt (utan seksjonering)	55	21	36	61	69	<b>85</b>
Rekvirerte saker	81	71	31	60	108	<b>79</b>
Fullførte saker	43	54	26	78	119	<b>114</b>
Trend samla saksmengde	<b>+38</b>	<b>+17</b>	<b>+5</b>	<b>-18</b>	<b>-11</b>	<b>-35</b>

Antal nye saker har normalisert seg. I tillegg vart det funne 32 ytterlege gamle saker som ikkje har vore registrert i sakslista. Samla saksmengde vart likevel redusert med 35. Når ein ser bort



frå saker som ligg på vent eller er delvis ferdige, så har me ei samla saksmengde på ca. 80. I byrjinga av 2013 skal ein også jobba med ferdigstilling av gamle saker, som ligg på vent på grunn av manglande dokument frå rekvirenten.

### **Midlertidige forretningar**

Det vart ikkje oppretta nye midlertidige forretningar. Lista over midlertidige forretningar vart redusert frå 29 i byrjinga av 2012 til 3 stk. Alle midlertidige forretningar skulle ferdigstillast innan utgongen av 2012. Oppmålinga jobbar framleis med grunneigarane for å få avslutta desse 3 sakene. Sakene er ikkje fullført grunna manglande dokument frå rekvirenten.

### **Konsulentarbeid**

Det vart lyst ut konkurranse for rammeavtale på konsulenttenester på oppmålingsarbeid. Kontrakten vart tildelt Geomatikk AS. Samarbeidet er byrja. Utgiftene skal dekkjast inn med gebyr og avtalen skal betra handsamingstid.

### **Ny fastbase**

Det vart etablert ny fastbase på rådhuset. Fastbasen sikra innsparing i arbeidstid ved oppmåling og reduserer fare for målefeil ved bruk av mobilbase.

### **Adressering**

Det vart søkt om å få avsett midlar for adressering i investeringsbudsjettet 2013. Me har jobba vidare med planlegging av adresseringsarbeidet.

### **Kommunale bustadtomter**

I tilbodsperioden 08.05. – 30.06.2012 har kommunen marknadsført 8 kommunale bustadtomter til konsentrert busetnad for ein fast pris på 450.000,- kr. Det vart seld 1 tomt på desse vilkår.

Alle tomter vart marknadsført hos finn.no. Det var interesse rundt dei billigaste resttomtane på Jensvoll og 2 av dei vart selde på grunn av marknadsføring via internett.

Kommunen har selt/tildelt til saman **10** tomter.  
For tida er **28** kommunale bustadtomter ledige.